

Vestlandsforskning-rapport nr. 1/2010

Breibandsmobilisering og organisering i distrikts-Norge

Ivar Petter Grøtte, Ingjerd Skogseid, Geir Liavåg Strand



Vestlandsforskning rapport

Tittel Breibandsmobilisering og organisering i distrikts-Norge	Rapportnummer 1/2010 Dato 07.06.2010 Gradering Open
Prosjekttittel Kartlegge og analysere eksempel på regional mobilisering og organisering av arbeidet med utvikling av breibandsinfrastruktur i distrikts-Norge	Tal sider 62 Prosjektnr 6180
Forskar(ar) Guttom Flatabø, Ivar Petter Grøtte, Ingjerd Skogseid, Geir Liavåg Strand	Prosjektansvarleg Ivar Petter Grøtte
Oppdragsgivar Distriktsenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Emneord Breiband. Regional utvikling, trippel heliks

Samandrag

Rapporten tek utgangspunkt i ein sett av omgrep i ein modell for regional kapasitetsbygging. Utfrå denne er det gjennomført ei kartlegging og eit sett av case-studie for å vise korleis breibandsatsingane har utvikla seg rundt om i fylka. Kartlegging har også vist eit sett av eksempel både på vellukka fylkesovergripande organisering og vellukka regional organisering.

Andre publikasjonar frå prosjektet

ISBN: 978-82-428-0296-5

Pris:

Forord

Rapporten oppsummerar eit oppdrag for å kartlegge korleis eit utval norske fylke har arbeidd med mobilisering og organisering av breibandutbygging. Rapporten gjev først ei kort innføring i to av Regjeringa sine verkemidlar for å fremje utbygging av breiband i Norge; HØYKOM-programmet og breibandmidlar løyvd av Kommunal og regionaldepartementet gjennom dei såkalla 551-midlane. Kapittel 3 presenterer analyseråmer og metodisk tilnærming. Kapittel 4 gir ei oversikt over korleis fylka har organisert sitt arbeid med breiband basert på ei nettbasert spørjeundersøking sendt alle fylka. Kapittel 5 beskriv eit utval case som bygger på utdjupande intervju med fleire fylke og regionar. Rapporten vert avslutta med drøfting og oppsummering. Spørjeskjema, svar på spørjeskjema og informantliste er lagt ved som vedlegg.

Vi vil med dette takke dei som tok seg tid til å svare på spørjeskjemaet og dei som stilte opp til intervju. Vi takkar Lillian Hatling og Steinar Fredheim ved Distriktssenteret for gode diskusjonar og innspel undervegs.

Sogndal 30.6.2010

Ivar Petter Grøtte, Ingjerd Skogseid, Geir Liavåg Strand

Innhald

SAMANDRAG	5
1. BAKGRUNN	8
1.1 OPPDRAGET	8
1.2 TILNÆRMING	8
2. ANALYSERÅME	12
2.1 REGIONAL KAPASITETSBYGGING	12
2.2 LOKAL OG REGIONAL INFRASTRUKTURUTVIKLING	13
3. METODE	17
4. OVERSIKT BREIBANDARBEID I FYLKA	18
4.1 MOBILISERING OG ORGANISERING	18
4.2 DELTAKARANE OG VARIGE NETTVERK	19
4.3 VIDAREFØRING PRIORITERING	20
5. CASE-STUDIER	21
5.1 ØSTFOLD	21
5.2 SOGN OG FJORDANE	23
5.3. TROMS V/BREDBÅNDFYLKET TROMS	27
5.4. SØR-TRØNDELAG MED RØROS	30
5.5 HORDALAND MED NORDHORDLAND	33
5.6 OPPLAND MED NORD-GUDBRANDSDALEN	35
5.7 TELEMARK MED VEST-TELEMARK	38
6. EFFEK TAR, GEVINSTAR OG OPPSUMMERING	41
6.1 GEVINSTAR MED EIN FYLKESOVERGRIPANDE SAMARBEIDSMODELL	41
6.2 GEVINSTAR MED REGIONALE SAMARBEIDSMODELLAR	44
6.3 OPPSUMMERING REGIONALE SAMARBEIDSMODELLAR	45
6.4 HOVEDELEMENT I MODELL FOR REGIONAL KAPASITETSBYGGING	48
REFERANSELISTE	51
VEDLEGG	53
A. INFORMANTAR	53
B. SVAR PÅ SPØRRESKJEMA	54
C. SPØRRESKJEMA	62
D. INTERVJUGUIDE	64

Samandrag

Ulike fylke har arbeidd svært ulikt med planlegging og utbygging av breiband. Dette er nok ein konsekvens av den nasjonale strategien for utvikling av breiband. Utbygging av breiband i Norge har ikkje vore styrt av ein samla nasjonal plan, men av lokale og regionale initiativ støtta av nasjonale finansieringsprogram. I den første fasen vart fordelinga mellom lokale og regionale initiativ regulert gjennom søknadar og konkurranse om nasjonale midlar, særleg til HØYKOM-programmet. Etter kvart vart alle fylkeskommunane direkte involvert då Kommunal- og regionaldepartementet tok over den statlege finansieringa etter HØYKOM-programmet gjennom såkalla 551-midlar til fylkeskommunane.

Samarbeid på tvers i eit fylke

I dei fylka som har vore aktivt samordnande gjennom fleire år, er det gitt uttrykk for klare gevinstar ved det fylkesomfattande samarbeidet mellom fylkeskommunane, kommunane, regionråda, næringsliv og FoU-miljø. Følgjande gevinstar er framheva:

- Samarbeidet har gitt eit breitt fagleg nettverk som blir vidareført for å handtere planlegging og utrulling av neste generasjon breiband.
- Samarbeidet har gitt ei brei felles organisering av overvaking og beredskap for utvikling på IKT-området i fylket.
- Samarbeidet har gitt ny kunnskap om behov for betre samordna planlegging, særleg knytt til areal- og kulturminneforvaltning, for å sikre effektiv utrulling av ny infrastruktur.
- Samarbeidet har gitt grunnlag for å spesifisere og utvikle fellestenester på tvers av kommunane i fylket.
- Samarbeid organisert med regionrådsrepresentantar, som har mandat frå og fangar opp behov i kommunane i kvar region, er ei effektiv mobilisering og forankring.
- Prosjektgjennomføring der kvart regionråd er ansvarleg for gjennomføring i sine kommunar gjev effektiv prosjektgjennomføring trass i eit stort tal kommunar
- Samarbeidet på tvers av kommunar, fylkeskommune, næringsliv og FoU har gitt nødvendig breidde i kompetanse til å utvikle og gjennomføre store fellessatsingar.
- Breitt samarbeid på tvers av sektorar og administrative nivå har gitt mulegheit for å synleggjere eit samla behov frå eit fylke til nasjonale politikktutformarar og finansieringskjelder.
- Døme på arbeidsdeling med leverandørar der dei tek seg av næringslivs- og privatmarknaden og kjøper seg inn i offentleg regionalt stamnett.
- Inkludering av FoU-miljøa med fri bruk av breibandet har gitt ei rekkje nye utviklingsprosjekt
- Breitt samarbeid i eit fylke har gitt eit forum for felles profilering av nye satsingar, kartlegging av behov og oppfølging av innkjøpsprosessar og prosjektgjennomføring.

- Ved overgang frå konkurranse frå ein nasjonal arena (HØYKOM-programmet) til ein konkurranse om midlar tildelt fylket, har fellesorganisering vorte eit forum for å utvikle strategiar, utlysingar og evaluere prosjekt
- Fylkeskommunen kan utvikle støttefunksjonar som mange kommunar har behov for og etterspør
- Samordning på fylkesnivå gir gevinstar ved betre sambruk av infrastruktur, t.d. samordning med fylkeskommunale vidaregåande skular og tannlegekontor og deling av fysiske master for ulike teknologiar.
- Samarbeidsnettverk utvikla gjennom breibandutbygginga har gitt ein samarbeidsmodell som kan nyttast for fleire tematiske bruksområde.

Samarbeid mellom kommunar

I dei fylka som ikkje har vore særleg aktive, ser vi at kommunane sjølve har teke tak i problemstillingane gjennom regionråda. Det lokale behovet og dei nasjonale finansieringsprogramma gjorde at lokalmiljøa måtte reagere. Der fylkeskommunane ikkje var aktive, måtte andre konstallasjonar ta tak i saka. Gode eksempel på regional/interkommunal handtering av breibandutbygging er Nordhordland, Vest-Telemark og Nord-Gudbrandsdalen. Desse regionsamarbeida rapporterer om følgjande gevinstar:

- Arbeidet med breibandinfrastruktur har vorte kopla med arbeid med innhaldstenester for å sikre vidare forankring og syne nytte av satsinga
- Kommunane har gjennom felles kompetanseoppbygging kunne utvikle (kultivere) tekniske løysingar bygde på fleire teknologiar og med gradvis utbygging etterkvart som teknologi og finansiering har vorte tilgjengeleg
- Kommunane har gjennom felles kompetanseoppbygging vorte profesjonalisert i offentlege innkjøpsprosessar og innkjøpssamarbeid
- Breie samarbeid har gitt utbygging som har utløyst ikkje-planlagde behov, t.d. breibanddekning til hytteområde der heimekontor på hytta har utvikla seg til eit viktig utviklingsområde i kommunane.
- Samarbeidet har gitt grunnlag for fellessatsingar på ei rekkje bruksområde:
 - Fellesløysingar for helsenett
 - Fellesløysingar for kommunale tenester
 - Fellesløysingar for IKT-drift

Når vi ser på tvers av dei ulike organiseringane av breibandarbeidet, er det nokre hovedelement som går att og som er knytt til hovedomgrepa lansert tidlegare. Institusjonell kapasitetsbygging eller i dette tilfellet *regional kapasitetsbygging* (i fylket eller gjennom eit regionråd) er fellesnemnaren.

Kartlegginga viser at regionane og fylka som har fått til effektive samarbeid om breibandutbygging, har ei arbeidsform som dekkar eit nødvendig sett av aktivitetar for å sikre mobilisering, kompetanse, nettverksamarbeid, gradvis utvikling av infrastruktur. Dei viser også evne til å reflektere og lære av sine eigne aktivitetar. Desse aktivitetane inngår i ein samla modell som beskriv ei regional kapasitetsutvikling som bør kunne vere ei tenleg referanseråme for arbeid innanfor ei rekkje bruksområde.

Regional kapasitetsbygging bygger på utvikling av følgjande sett av kunnskapar enten innanfor samarbeidet eller gjennom tilknytte ressursar:

Kunnskapsressursar

- Evne til å identifisere og dokumentere behov
- Evne til å utvikle lokale og konkrete strategiar og handlingsplanar
- Evne til å utvikle prosjekt
- Evne til å gjennomføre prosjekt
- Evne til å gjennomføre innkjøpsprosessar

Relasjonsressursar

- Evne til å utvikle nettverk til supplerande kunnskapsmiljø
- Evne til å få lokalt samarbeid til å fungere (enten i kommunegruppa eller mellom fylkeskomme og kommunar)
- Evne til samhandling med leverandørar samtidig som innkjøpsregelverk blir respektert
- Evne til å knyte seg til nasjonale program og drive lobbying for tilgang til nasjonale ressursar

Mobilisering

- Evne til å mobilisere lokale politikarar, næringsliv og innbyggjarar
- Evne til å vise kopling mellom behov og gevinstrealisering
- Evne til å formidle behov og resultat til nasjonal politikktutforming

Kultivering av infrastruktur

- Evne til effektiv utnytting av små ressursar og fleksibilitet i gjennomføring av store prosjekt
- Evne til å kople ulike teknologiar og bygge samanhengande løysingar over tid

Refleksjon for vidareutvikling og for å møte nye utfordringar

- Evne til å organiser lokale tiltak og motnettverk for kritiske behov
- Evne til å tilpasse store utviklingstrendar til eigne behov
- Evne til å tilpasse lokale satsingar til endringar i teknologi
- Evne til å justere og tilpasse lokale utviklingsprosessar til endringar i rådevilkår

▪

1. Bakgrunn

1.1 Oppdraget

Distriktsenteret (Kompetansesenter for distriktsutvikling) lyste hausten 2009 ut oppdrag for å analysere effektar av breibandutbyggina i norske fylke dei seinare åra. Vestlandsforskning fekk eitt av to oppdrag. Oppdraget til Vestlandsforskning vart spissa mot temaet:

Organisering og mobilisering på regionalt nivå for å realisere samfunns- og næringsmessige effekter av bredbåndsinfrastruktur i distrikts-Norge.

Vidare utdjuping vart presisert slik:

Med regionalt nivå menes fylkeskommunalt nivå og regionsamarbeid mellom flere kommuner. Det spissede oppdraget innebærer:

- *En gjennomgang og drøfting av betydningen av organiseringsformer, samordning på regionalt nivå og prosesser for mobilisering i forhold til å få utnyttelse av bredbåndsinfrastruktur i distriktsområder, med vekt på "god praksis"*
- *Analysen baseres på i) eksisterende kunnskap, ii) en innledende kartlegging av konkrete prosesser/arbeidsmåter i alle fylker utenom Oslo, Akershus og Vestfold og iii) utdypende studier og analyse av 8-10 fylker/regionsamarbeid*
- *En sammenligning og drøfting av ulike arbeidsmåter i ulike deler av landet, med vekt på sammenhenger mellom gevinstrealisering og de regionale og fylkesdekkende måter å organisere og drive prosesser, tiltak og strukturer på.*

Prosjektet vart gjennomført med følgjande tre hovuddeler:

- i) Innleiande kartlegging av alle fylke utanom Oslo, Akershus og Vestfold
- ii) Utvelging av 6 fylke for utdypande analyse av mobilisering og organisering med eksempel og effektar av tiltak for stimulering og utvikling av breibandinfrastruktur og bruk
- iii) Oppsummerande drøfting, rapportering og formidling

1.2 Tilnærming

Arbeidet starta med gjennomgang av fylka sine ulike prosjekt innanfor HØYKOM-programmet i Norges Forskningsråd og den etterfølgjande finansieringa av breibandprosjekt frå Kommunal og regionaldepartementet gjennom fylkeskommunane frå 2007. HØYKOM-programmet og vidareføringa gjennom KRD sine løyvingar til fylkeskommunane har vore ein av dei dominerande finansieringskanalane for breibandutbygging i distrikts-Norge. Begge ordningane har kravd regional og kommunal delfinansiering og mykje av satsingane har då vore bundne opp til dette.

HØYKOM- og KRD-finansierte prosjekt er likevel berre eit startpunkt for å finne fram til kontaktpersonar i fylka og få eit første overblikk over aktivitet og samarbeidsorganisering. Ut frå desse kontaktane har vi gått vidare med å kartlegge aktiviteten ved å nytte eit spørjeskjema og ved hjelp av intervju med eit utval aktørar. Det har særleg kome fram viktige satsingar gjennom regionråd, og ei rekkje stadar har elektrisitetsverka vore viktige pådrivarar og bidragsytarar.

HØYKOM-programmet

HØYKOM-programmet starta i 1999 og har vore ein av dei største finansieringskjeldene for IKT-prosjekt i kommunal sektor. HØYKOM styret sin visjon for arbeidet var:

” HØYKOM skal utvikle og iverksette prosjekter og formidle kunnskap som bidrar til at Norge er ledende med hensyn til innovativ bruk av IKT og bredbåndstjenester i alle deler av offentlig sektor. HØYKOMs prosjekter skal være et virkemiddel innenfor en offensiv offentlig IKT-politikk for offentlig sektor til å øke og forbedre servicenivået mot alle brukere av offentlige tjenester. Programmet skal bidra til at ressurser flyttes fra administrasjon til velferds- og tjenesteproduksjon. HØYKOM skal bidra til å øke tilgjengelighet av, og kvalitet på, offentlige tjenester for alle landets innbyggere og virksomheter uavhengig av økonomisk, sosial og geografisk plassering.” (HØYKOM 2006)

HØYKOM har bidrege til utvikling og utprøving av nye kommunale og statlege tenester og arbeidsformer innanfor e-forvaltningsområdet (eGovernment). Programmet var bygd på ideen om regionale innovasjonssystem der den regionale partnerskapen er tiltenkt ein viktig rolle. Målsettinga var å få til mobilisering av lokale krefter og initiativtakarar for å utforske IKT-baserte tenester tilpassa lokale føresetnader og behov. HØYKOM-programmet vart avslutta i 2007, men dei siste prosjekta vart ikkje avslutta før i 2009.

Oversikten i Tabell 1 gir ein illustrasjon på kor omfattande HØYKOM-programmet sin prosjektaktivitet har vore. Tabell 1 (neste side) viser informasjon tilgjengeleg frå HØYKOM programmet sine vevsider. Tabellen viser

- Tal HØYKOM-prosjekt totalt 2001-2007
- Tal HØYKOM distrikt prosjekt 2004 - 07
- Tal HØYKOM distrikt Infrastruktur prosjekt 2001 - 07

94 prosjekt av totalt 470 prosjekt i HØYKOM-basen er infrastrukturprosjekt (HØYKOM 2009).

Lanestaedt og Bygstad (2009) har oppsummert erfaringar frå HØYKOM-programmet i ei handbok. Handboka fokuserer på erfaringar med IKT-basert innovasjon i offentlig sektor.

Tabell 1: Talet på HØYKOM-prosjekt fordelt etter fylke

Fylke	Tal HØYKOM prosjekt	Tal HØYKOM Distrikt prosjekt	Tal HD infrastruktur-prosjekt	Sum tal infrastruktur-prosjekt.
Akershus	29	1	0	1
Aust-Agder	12	1	1	2
Buskerud	22	1	2	3
Finnmark	33	9	2	11
Hedmark	23	4	7	11
Hordaland	30	5	2	7
Møre og Romsdal	21	2	3	5
Nordland	26	9	3	12
Nord-Trøndelag	20	5	2	7
Oppland	20		1	1
Oslo	48			
Rogaland	19	4	2	6
Sogn og Fjordane	22	5	3	8
Sør-Trøndelag	38	2	3	5
Telemark	22	4	4	8
Troms	40	2	4	6
Vest-Agder	16	2	0	1
Vestfold	19	0	1	
Østfold	11	0	2	2
Heile landet	471	56	43	94

Kommunal og regionaldepartementet 551-midler

2007 var første året med finansiering av breibandutbygging frå 551-midler. Det første året gjekk den parallelt med HØYKOM-programmet og det vart oppfordra til samarbeid med HØYKOM-programmet i prosjektutviklinga. Midlane frå dei to programma kunne kombinerast til større satsingar. Til saman kunne dei to finansieringskjeldene utgjere 50% av finansieringa. 551-midlingane skulle gå til bygging av aksessnettverk og sikre tilgang til husstandar, kommunar og næringsliv, og skulle tillate konkurranse om tenester og innhald.

Kommunal og regionaldepartementet (KRD) har sett av midlar til vidare breibandutvikling (Kap 551 post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling). Desse midlane omfattar kompensasjonsordninga for auka arbeidsgivaravgift samt ei ramme for utbygging av breiband og andre infrastruktur- og næringstiltak. Tabellen under viser fordeling av midlar til breibandutbygging samanlikna med totale midlar på denne budsjettposten.

Tabell 2 Fordeling av midlar til breiband frå Kommunal og regionaldepartementet 2007-2009

År	2007	2008	2009	2010
551 post 61 total	575 mill	623,75 mill	631,6 mill	674 mill
551 post 61 breiband	155 mill	157,8 mill	83 mill	110 mill

Departementet tildeler midlane til fylkeskommunane der dei politiske organa skal gjere vedtak om bruk av midlane, men likevel under føresetnad av at det vart lagt opp til brei

brukarmedverknad frå viktige samfunnsaktørar i planprosessen. I desse prosessane er det føresett samarbeid med næringslivet, kommunane og FoU-institusjonane i regionen.

2. Analyseråme

Kartlegginga av det regionale arbeidet tek utgangspunkt i eit sett modellar og omgrep som hjelper oss å systematisere, analysere og tolke resultatane. Avslutningsvis drøftar vi korleis desse modellane kan tilpassast til eit relevant rådeverk som kan inspirere og rettleie regionar som skal arbeide med liknande problemstillingar. I dette kapitlet gir vi ei kort oversikt over modellar og omgrep som er mest relevante for analysen.

2.1 Regional kapasitetsbygging

Breibandssatsinga i HØYKOM-programmet og vidareføringa med 551-midlar frå KRD til fylkeskommunane er bygd på ideane om regionale innovasjonssystem med samarbeid i ein regional partnerskap med næringsliv, kommunal sektor og FoU som deltakarar. Programma har hatt ein intensjon om lokal mobilisering med involvering av lokale krefter og eldsjeler i partnerskap. Målsettinga har vore å stimulere infrastrukturbygging, men også å utforske og eksperimentere med ulike tenester for å stimulere regionale miljø til å ha fokus på samarbeid, læring, kunnskap og innovasjon. I slike system blir det lagt vekt på regionale nettverk. Teoriar om regionale innovasjonssystem legg nettopp vekt på rollen offentleg politikk har i forhold til å legge til rette for regional utvikling (Lundvall 1992, Cooke, 2001).

Når nye satsingar vert sette i verk, startar ikkje regionen med blanke ark. I kvar region eksisterer det ein kontekst i form av eit sett med rutinar, nettverk, kompetanse og institusjonelle rammeverk som har fått si form gjennom tidlegare prosessar. Det er viktig at dei som organiserer slike satsingar har informasjon om og ser korleis arbeidet kan integrerast med det eksisterande.

Kontinuitet i breibandutbygginga vart understreka i tildelinga frå KRD i 2008, der det heiter følgjande:

"Fra og med 2007 ble forvaltningen av midlene underlagt sterkere folkevalgt styring og kontroll. Midlene tildeles derfor fylkeskommuner som folkevalgte organ. Det er samtidig viktig å videreføre de positive erfaringene med et sterkt engasjement, særlig fra næringslivet. Fortsatt sterk brukermedvirkning fra viktige samfunnsaktører skal således ivaretas gjennom bred og aktiv deltakelse i planprosessarbeidet. I tillegg til næringslivet er kommunene, FoU- og universitets- og høyskolemiljøer viktige aktører. Det er Fylkestinget som skal ta den endelige avgjørelsen om bruken av midlene eller delegerer avgjørelsesmyndigheten til andre aktører. Avgjørelsen skal særlig ta utgangspunkt i de utfordringene og behovene næringslivet har gitt uttrykk for i planprosessarbeide" (KRD 2008).

Det vart lagt opp til lokal skreddarsaum ved at regionen skal utvikle sin eigen kapasitet til å handtere denne type utfordringar, ei 'bottom-up' utvikling (Howells 1999, Cooke 2001).

Samtidig er HØYKOM-programmet og KRD sine 551 midlar eit 'top-down' instrument. Programma stiller krav til struktur og har krav til korleis midlane skal brukast, sjølv om dei i stor grad er opne og lar organiseringa vere opp til det lokale nivået. Ser vi det i eit 'bottom-up' perspektiv, må det integrerast og handterast på regionalt nivå og kvar region vil utvikle strukturar og arbeidsmåtar med både likskapar og ulikskapar i forhold til dei andre regionane. Den regionale konteksten er med på å avgjere korleis initiativa skal implementerast, basert på eigne erfaringar med å legge tilrette for og drifte omfattande regionale innovasjonsinitiativ. Men for å kome fram til ein optimal organisering kan det for regionar som startar frå botnen av forventast ein periode med prøving og feiling til dei finn fram til ein struktur og ei organisering som er tenleg (Tödling og Trippel 2005).

Dei enkelte regionane har ulike føresetnader for å utvikle regionale innovasjonssystem. Følgjeleg bør det ikkje lagast ei organisering der dei ulike regionane forsøker å lage blåkopiar av ein nasjonalt definert idealmodell (Cooke 2001). I staden må det tilretteleggast for å utvikle særeigne variantar av regionale innovasjonssystem i dei enkelte fylka eller regionane som er i tråd med regionen sine føresetnadar og det må leggast til rette for samhandling og utvikling mellom ulike initiativ for å gi eitt bidrag i ei større samordna satsing for auka regional innovasjon.

2.2 Lokal og regional infrastrukturutvikling

Forsking om lokal og regional infrastrukturutvikling har peika på at vellukka mobilisering, iverksetting og vidareutvikling bygger på eit samspel mellom eit sett komplementære utviklingsprosessar og lokal og regional kapasitetsbygging for å handtere endringar. Vi vil her kort vise ei oversikt over dei relevante omgrep og ein samla modell som kan tene som rådeverk for å beskrive eksempla på regionalt samarbeid frå norske fylke og regionar.

Refleksjon

Rural refleksivitet (rural reflexivity) tek opp korleis lokal og regional utvikling må handtere eksterne og interne endringskrefter og korleis dette påverkar eigen organisasjon. Uansett kva val som blir gjort, vil dei bli spegla tilbake i form av nye utfordring og nye val. T.d:

- Vel du ikkje breiband, vil du bli meir og meir marginalisert
- Vel du for låg kapasitet, må du snart utvide kapasiteten
- Vel du kun å arbeide med teknologi og ikkje bruksområde og involvering av brukarane, vil du kunne miste forankring og støtte og dermed vidare mobilisering og påverknad

I omgrepet refleksivitet inngår både refleksar og refleksjon (Beck et al. 1994 p. 23, Lash, 2003, Szerszynski et al. 1996 p. 7). Lokalsamfunna må utvikle ein "*reflekterande dialog gjennom utviklingsprosessen*", og gjennom det bygge opp evne til å handtere kontinuerleg endring. Samfunnet må svare på utfordringar, og svaret må kome raskt (*refleks*) for å unngå

å kome på etterskot. Refleksjonen må skje i lokalsamfunnet som reflekterer over prosessen og kva endringar som er nødvendige.

Kultivering av infrastruktur

Kultivering av infrastruktur (Hanseth, 2002; Dahlbom and Janlert, 1996) bygger på konsept frå landbruk (Skogseid 2007). Bonden går gjennom ein prosess for å prøve ei rekkje alternativ og bygge på gradvis betre løysingar til den optimale kombinasjonen er funne.

For breibandutbygging vil dette vere å bygge på ein såkalla "installert base", det som alt eksisterer. Nye teknologiske forbetringar bygger på gradvis utvikling av den eksisterande infrastrukturen. *ISDN* (som var første generasjon digitalt telenett) vart på 90-talet bygd ut ved å digitalisere dei lokale sentralane i telenettet, men nytte same koparnettverket som tidlegare. *ADSL* (som i praksis ofte var første generasjon breibandnett) vart bygd med vidare forbetring i sentralen og ofte med framføring av fiber til dei lokale sentralane, men framleis med bruk av koparnettet frå sentralane og ut til brukarane. Neste generasjon utbygging med full fiberkapasitet blir realisert ved å føre vidare fiber frå lokale sentralar til husstandar og bedrifter. Gradvis kultivering av infrastrukturen blir då ein strategi for lokal og regional infrastrukturutvikling. Knappe ressursar må brukast på ein mest muleg effektiv måte for å sikre best muleg lokalt tilbod etter kvart som teknologien blir tilgjengeleg.

Endringskapasitet

Endringskapasitet (Healey et al 1999) er eit omgrep for evna til å handtere endringar. Endringskapasitet omfattar fleire delelement;


- Kunnskapsressursar, dvs. sikre nødvendig kompetanse til å løyse ei oppgåve
- Relasjonsressursar, dvs. evne til å utvikle og vedlikehalde samarbeid
- Mobiliseringsressursar, dvs. evne til å forankre og sikre støtte til aktivitetar

Dersom endringskapasiteten er svak, må ein sette i verk tiltak for å styrke kapasiteten. Studiar av regionale utviklingsprosessar viser t.d. at lokalmiljø med svak tilknytning til regionale innovasjonssystem kan kompensere ved å bruke andre nettverk for å få tilgang til kunnskap og deretter kunne identifisere muligheiter lokalt. Kunnskapsressursar blir mobilisert i nettverket, og nettverket sine samla ressursar blir brukte for å støtte ei ønska utvikling.

For breibandutbygging kan endringskapasitet sjåast i

- Samarbeid i lokale og regionale initiativ for å sikre nødvendig samla kunnskap
- Læring i lokale nettverk
- Samling av ressursar for å løyse nye oppgåver

Samla modell



Figur 1 Analysemodell som inkluderer dei aktuelle omgrepa

Figuren viser samanhengen mellom det globale utanfor det lokale og regionale miljøet og den lokale endringa. Globale utfordringar som endrar nasjonale og internasjonale forhold, påverkar lokalmiljøa. Lokalmiljøa står i fare for å bli marginalisert og må mobilisere ressursar og skape nettverk som gjer dei i stand til å møte utviklinga. Å utvikle sterk institusjonell kapasitet er ein viktig faktor for korleis lokalsamfunnet kan handtere utfordringane. Tilgang til og mobilisering av kunnskap og relasjonsressursar i samfunnet er avgjerande.

Samtidig som lokalsamfunna sjølve må reflektere over verkelegheita for å kome vidare, kan dette også snuast. Lokalsamfunna kan bidra med kunnskap og erfaringar til refleksjonen både i andre lokalsamfunn og regionar, og til det nasjonale nivået som driv politikktutforminga. På denne måten bør refleksjonen nyttast både for å utvikle lokalsamfunnet og for at lokalsamfunna bidreg til refleksjon på nasjonalt nivå. Lokalsamfunna vil då på ein systematisk måte tilføre storsamfunnet innspel og nye utfordringar.

For det vidare arbeidet med kartlegging og analyse av aktivitetane i fylka tek vi med oss desse omgrepa:

- Endringskapasitet bygd på
 - Nødvendige kunnskapsressursar
 - Nødvendige nettverksressursar
 - Nødvendige mobiliseringsressursar
- Kultivering av infrastruktur for effektiv nytting av små ressursar
- Refleksjon for å møte behov og vidareutvikling

3. Metode

Prosjektet omfattar forholdsvis store og komplekse problemstillingar, og er gjennomført innanfor relativt kort tid og avgrensa budsjett. Prosjektet har såleis vore konsentrert rundt nokre få hovudaktivitetar:

- i) Innleiande kartlegging av alle fylke utanom Oslo, Akershus og Vestfold
- ii) Utval av eit sett fylke/regionar for utdjupande analyse av mobilisering og organisering med eksempel og effektar av tiltak for stimulering og utvikling av breibandinfrastruktur og bruk
- iii) Oppsummerande drøfting og rapportering

Den innleiande kartlegginga er gjennomført i to delar; det er gjort ein studie av informasjon som er tilgjengeleg frå HØYKOM-programmet sine vevsider vedrørende infrastrukturbygging (Tabell 1) og ein studie av informasjon om løyvingar og rapportar vedrørende bruken av KRD kap 551 post 61 midlar (Tabell 2). Dette har saman med analyseråma danna grunnlag for spørsmåla i ei nettbasert spørjeundersøking. Undersøkinga har gitt ei oppsummerande oversikt over mobilisering, organisering og prioriteringar i arbeidet med utvikling av breibandsinfrastruktur i fylka.

Dette materialet danna grunnlag for å identifisere interessante eksempel for oppfølging gjennom utdjupande intervju med hovudaktørar frå eit utval fylke og regionar. Intervjua var baserte på felles intervjuguide for utdjuping av svara frå spørjeundersøkinga.

Intervjua skulle dokumentere dei reelle prosessane som har føregått i fylka eller regionane. Vi hadde spesiell fokus på korleis mobilisering og regional organisering har grodd fram gjennom mange år med breibandsatsing. Hovedelementa var:

- Mobiliseringsprosessar
- Organisasjonsform
- Samhandling mellom fylkeskommunen, regionråd, kommunar, FoU og næringsliv
- Formelle og uformelle strukturar
- Samordning på regionalt nivå, særleg rollane til regionråda og fylkeskommunen
- Institusjonalisering av prosjektorganiseringa

4. Oversikt breibandarbeid i fylka

Andre del av kartlegginga var ei nettbasert undersøking sendt til alle fylka omfatta av kartlegginga. Datainnsamlinga tok vesentleg lenger tid enn forventa. Me hadde fleire rundar med purring, men likevel var det ikkje muleg å få innspela frå alle fylka.

Totalt fullførde 13 fylkeskommunar: Aust-Agder, Buskerud, Finnmark, Hedmark, Hordaland, Møre og Romsdal, Oppland, Rogaland, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag, Telemark, Vest-Agder og Østfold.

Troms og Nord Trøndelag fylkeskommunar hadde begynt å svare, men fullførde ikkje utfylling av det nettbaserte spørjeskjemaet. Eitt fylke har ikkje svara.

Med introduksjonen av finansiering via KRD sine 551-midlar frå 2007 vart fylkeskommunane involvert, etter som midlane vart løyvd til Fylkeskommunen som fekk ansvar for vidare utbetaling til kommunane. Også i HØYKOM-tida har det vore ulike variantar av organisering som involverer fylkeskommunane. Når vi sorterer og summerer opp resultatata, ser vi at fire hovedkategoriar regional organisering gir ei rimeleg og systematisk oversikt over organisering i regionane:

1. Fylkeskommunen arbeider med breibandprosjekta åleine
2. Fylkeskommunen samarbeider med einskildkommunar
3. Fylkeskommunen samarbeider med regionråd
4. Fylkeskommunen er engasjert i breidt regionalt samarbeid (av trippel helix type)

I oppsummeringa nedanfor brukar vi desse kategoriane for å beskrive samarbeidsmodellane i dei ulike fylka. Dersom eit fylke ikkje har svara på eit spørsmål (men har respondert på andre delar av undersøkinga), blir dette registrert i "Ikkje Svara"-kolonne (IS).

4.1 Mobilisering og organisering

Dei to første spørsmåla tok opp korleis mobilisering av lokal interesse for å delta i breibandprosjekt hadde skjedd, og deretter korleis gjennomføringa av den totale breibandsatsinga i fylket var organisert.

Spørsmål	Tal fylke pr kategori				
	1	2	3	4	IS
Korleis vart det arbeidd med mobilisering av lokale krefter knytt til breibandssatsinga ?	2	7	3	2	3
Korleis har satsinga på breibandsinfrastruktur blitt organisert?	2	3	7	4	1

På spørsmålet om korleis mobilisering av lokal interesse skjedde, svarta to fylke at dei har stått for mobiliseringa sjølve. I sju av fylka har fylkeskommunen saman med einskildkommunar mobilisert. Tre fylke svarta at regionane og fylkeskommunen har samarbeidd, medan to fylke har samarbeid breiare med både region, næringsliv og FoU. Tre fylke har ikkje svarta.

På spørsmålet om korleis satsinga har vore organisert, svarer to at dette har vore eit fylkeskommunalt tiltak. Tre av fylka svarar at dei har samarbeidd med kommunar, medan sju fylke har organisert arbeidet med breiband som eit samarbeid mellom fylket, regionane og kommunane. I fire av fylka har dei satsa på ei organisering som også inkluderer næringsliv og FoU i tillegg til regionar og kommunar. Eit fylke har ikkje svarta.

Dei to spørsmåla viser ei viss utvikling frå enklare til breiare og meir omfattande nettverk frå mobiliseringsdelen til den meir omfattande gjennomføringsdelen.

4.2 Deltakarane og varige nettverk

Når det gjeld kven som er med i nettverket, om dette nettverket er sett saman spesifikt for breibandsatsinga og om nettverket framleis er aktivt svarar fylkeskommunane slik:

	Ja	Nei	IS
Er arbeidet med breibandssatsing forankra i eit nettverk der offentleg sektor, privat næringsliv og FoU arbeider saman?	5	8	4
Er dette nettverket sett saman spesifikt for breibandssatsinga ?	2	10	5
Har nettverket halde fram etter at satsinga er avslutta?	2	7	8

I fem av fylka er breibandsatsinga forankra i breiare nettverk der offentleg sektor, privat næringsliv eller FoU samarbeider. To fylke har laga eit nettverk spesifikt for arbeidet med breibandsatsinga. I tillegg til desse har to av fylka knytt satsinga til eit anna eksisterande samarbeid.

Spørsmål	Tal fylke pr. kategori				
	1	2	3	4	IS
Kven er hovudaktøren for å oppretthalde nettverket?	4	1	1	1	10

Når det gjeld kven som er hovudaktør for å halde i gang samarbeidsnettverket, svarar fire at det er fylkeskommunen. Eit fylke svarar at det er fylkeskommunen i samarbeid med kommunar, eit svarar at det er fylkeskommunen saman med regionane. I eit av fylka held det breie samarbeidet mellom fylkeskommune, region, kommune, FoU og næringsliv fram, medan ti av fylka ikkje har svarta.

4.3 Vidareføring prioritering

Fylka vart spurde om dei framleis arbeider med vidareføring av breibandsatsinga, og i så fall kva hovudaktivitetar som vert prioriterte. Er det vidare satsing på infrastruktur og/eller er det satsing på å utvikle bruksområda? Begge alternativ kunne veljast.

Tal fylke	Arbeider med å utvikle bruksområde (Kommunale tenester, helse og omsorg, forretningsmessige tenester, etc.)	Arbeider med å sikre høgare kapasitet (infrastruktur)
JA	5	10
NEI	8	3
IS	4	4

Ti av fylka seier dei arbeider med ei vidare satsing på breiband. Halvparten av desse ti konsentrerer innsatsen om infrastruktur og den andre halvparten koplær infrastruktur med utvikling av bruksområde. Det er ein samanheng mellom dei fylka som har breidde i samarbeidet og organisering og dei som satsar breiare på både infrastruktur og innhald.

Tre fylke satsar på supplerande utbygging av mobilnettet, men reknar ikkje det som breibandsatsing. I tildeling av midlar frå KRD til fylkeskommunane dei seinare åra, har det også vore opna for bruk av midlar til supplering av mobilnettet der det har vore påvist særlege behov.

Dei fire fylka som prioriterer å utvikle nye bruksområde, satsar alle på utvikling av kommunale tenester, tre fylke på helse og omsorgstenester og to fylke på forretningsmessige tenester.

Tal fylke	Kommunale tenester	Helse og omsorg	Forretningsmessige tenester
Nei	9	10	11
Ja	4	3	2
IS	4	4	4

5. Case-studier

Basert på resultatata frå spørjeundersøkinga, har vi gjennomført oppfølgjande intervju i eit utval fylke. Nokre fylke er valde fordi dei såg ut til å ha ein aktivt og langsiktig strategi for utvikling av infrastruktur. Andre er valde for å få svar på kvifor nokre av fylkeskommunane ikkje har vore særleg aktive og korleis regionar har teke ansvar for arbeidet med breibandutbygginga.

Sør-Trøndelag, Østfold og Sogn og Fjordane har fylkesovergripande samarbeid. I Hordaland, Oppland og Telemark har fylkeskommunane ikkje vore like aktive. Her har vi eksempel på at regionråd har teke tak i utviklinga gjennom sine strukturar.

Casa som er omtala under er:

- Østfold
- Sogn og Fjordane
- Troms v/ Bredbåndsfylket Troms
- Sør-Trøndelag m/Røros
- Hordaland m/Nordhordland
- Oppland m/Nord-Gudbrandsdalen
- Telemark m/Vest-Telemark.

5.1. Østfold

Sjølv om Østfold er eit lite fylke med korte avstandar samanlikna med andre deler av Norge, var mange område utan breibanddekning. Østfoldrådet etablerte eit breibandutval som skulle arbeide for at alle som ønska det, skulle få tilgang til breiband.

Østfoldrådet har som oppgåver å vidareutvikle strategiar for Østfoldsamfunnet, utvikle program og prosjekt og legge til rette for partnerskapsavtalar. Fylkesmannen, fylkeskommunen, sju representantar frå kommunar og fire frå næringslivet er for tida i Østfoldrådet. Fylkeskommunen har sekretariatet.

Breibandutvalet har identifisert behov gjennom kartlegging av kvar det var manglar i breibanddekning, dei har følgd opp utlysingane i HØYKOM-programmet og vore engasjert i bruken av dei etterfølgjande midlane frå KR D. Mobiliseringa lokalt har skjedd gjennom utlysingar og lokale møte i kommunane.

Arbeidet i Østfold har vore breitt samansett. Gjennom sekretariatet er Østfoldrådet nært knytt til fylkeskommunen. Østfoldforskning har vore leigd inn til å skrive søknader og til å følgje opp prosjekt. I tillegg har ein ekstern prosjektleiar vore leigd inn. Prosjektleiaren har erfaring frå Digitale Gardermoen, eit interkommunalt selskap som står for felles drift og leveranse av

IKT-tenester til kommunane Eidsvoll, Gjerdrum, Hurdal, Nannestad, Nes og Ullensaker. Digitale Gardermoen driv fibernett og driftstenester og har hatt fleire HØYKOM-prosjekt mm.

Skulane og husstandane var hovedmålgruppe i Østfold. I starten var bruksområdet særleg knytt til skulane. Det var ei viktig politisk målsetting at alle elevar i Østfold skulle ha tilgang til breiband i skulen. Næringslivet i utkantane i Østfold har derimot ikkje vore særleg aktive, men hytteeigarar har til dels vore ei drivkraft. Mulegheit for heimekontor frå hytta har truleg vore ei drivkraft og er ei interessant utvikling som ser ut til å vere felles mellom fleire av fylka.

Samarbeidet er rapportert å ha fungert bra, men arbeidet har teke lang tid. Enkelte kommunar har vore til dels sterkt forseinka og har stått i fare for å falle utanfor.

Eit anna og overraskande problem var konflikt med kulturminne ved framføring av nye linjer. Østfold har mykje kulturminne frå steinalderen og i fleire tilfelle vart utbygginga stoppa. Prosjekta måtte betale for og vente på kartlegging av kulturminne. Kulturavdelinga i fylkeskommunen burde vore trekt inn. Arbeidsgruppa rekna med at fylkeskommunen koordinerte internt mellom sine avdelingar, men det viste seg ikkje å vere tilfelle. Dette har vore ein viktig lærdom for vidare arbeid.

Samarbeidet gjennom Østfoldrådet er rapportert å ha fungert bra, og det blir vurdert såpass nyttig at arbeidet blir vidareført med overvaking og beredskap for utbygging av høgare kapasitet. Vidareføringa blir også koplå mot bruken av breibandet for å ta ut gevinstar av meir kommunesamarbeid. Breibandinfrastrukturen skal legge grunnlaget for fellestenester og arbeidsdeling mellom kommunane.

Vurdering

Mobiliseringsressursar

Samarbeidet i Østfold har fanga opp interesse og etablerte prosjektaktivitet i heile fylket. Alle kommunane har vore med og det har også vore muleg å fanga opp kommunar som har vore seine både i prosjektplanlegging og prosjektgjennomføring. Det er grunn til å tru at utan eit slikt samarbeid er det fare for at enkelte kommunar ikkje hadde kome i gang med breibandarbeidet, og det ville også vere fare for at manglande framdrift ville kunne føre til inndraging av midlar.

Nettverksressursar

Østfold har gjennom det breie samarbeidet oppnådd effektar. Dei har vist ei evne til å bygge nettverk på tvers av ulike miljø i fylket. Fylkeskommunen har gjennom Østfoldrådet forankra breibandsatsinga i strategiske planar, og samarbeidet med kommunane har vorte formalisert. Samarbeidet har delvis brukt Østfoldforskning til å utvikle søknadar og dei har knytt til seg kompetanse frå andre regionar i deler av prosjektgjennomføringa.

Kunnskapsressursar

Prosjektgjennomføring har også avdekket supplerende behov for spesialkompetanse. Kunnskap om kulturminnevern og mulege konflikter rundt framføring av ny infrastruktur har ført til forseinkingar. Dette er eit interessant og kanskje noko uventa eksempel på behovet for å kople ulike kompetansetypar inn i arbeidet med utbygging av breibandinfrastruktur. Det har nokre likskapstrekk med behovet for meir samordning og samarbeid ved graving og trekking av nye røyr og kabelveggar som mange hadde problem med i dei første åra med breibandutbygging. Her vart det gjort eit nasjonalt arbeid med å få til ei meir samordna planlegging i kommunane. Eksempelet i Østfold gir eit interessant supplement for kva fagområde som er viktig å ha kontakt med.

5.2 Sogn og Fjordane

IT-forum Sogn og Fjordane er eit tverrsektorielt nettverk med medlemmer frå næringsliv, offentlig forvaltning og FOU. IT-forum står for det langsiktige arbeidet kring IT i fylket. IT-forum har eksistert sidan 1996. Forumet starta det koordinerte breibandarbeidet i fylket, og ei eiga undergruppe Breibandforum (BBF) vart etablert i 2001.

Breibandforum har ope medlemskap og ulike organisasjonar deltar, både kommunar, leverandørar, næringsliv, FoU og offentlege etatar. Forumet er styrt av eit arbeidsutval som samordnar og leiar arbeidet. Arbeidsutvalet har følgjande samansetting:

- 3 regionrådsrepresentantar med mandat og fullmakt frå regionane og tett kopling tilbake til rådmannsgrupper og kommunar
- 1 representant for næringslivet
- 2 representant frå fylkeskommunen; både administrasjon og politikk
- 1 representantar frå FoU

Dei tre regionane i fylket peikar ut medlemmer til Arbeidsutvalet og gir dei mandat med forankring i rådmannsgruppene. Dette gir kort veg tilbake til kommunane ved behov for klarering og politiske avgjerder, og organiseringa har vore viktig for ei effektiv gjennomføring. Dei resterande medlemmene arbeidsutvalet blir vald frå og av dei om lag 40 medlemane i BBF.

Breibandforum har arbeidd med å synleggjere behovet for breiband i Sogn og Fjordane lokalt, regionalt og overfor sentrale myndigheiter. Media har blitt brukt aktivt for å få fram behov og interesse for satsingar.

Arbeidet har også vore forankra i det politiske systemet då politikarar lokalt og regionalt har engasjert seg, og kommunane har delteke aktivt i prosjekta. Arbeid i BBF har både vore strategisk med utvikling av strategi og handlingsplanar og det har omfatta bevisstgjerung og formidling av behov til både nasjonalt-, fylkes- og regionalnivå (regionråd). Breibandforum har såleis hatt ei rolle som pådrivar, motivator og koordinerande nettverk.

Arbeidet har vore ei blanding mellom 'top-down' og 'bottom-up'. Utan nasjonale program som HØYKOM-programmet og KRD sine 551-midlar og mandat frå Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde det vore vanskeleg å oppnå resultata ('top-down'). Men utan den regionale forankringa i kommunane og arbeidet med å få fram behov og tenester lokalt, hadde arbeidet heller ikkje kome langt ('bottom-up'). BBF har nådd breitt ut til alle kommunane i fylket og gjennom desse til bygdene og små lokalsamfunn.

Det har vore få formelle justeringar undervegs. BBF har hatt same mandat sidan 2001. Fokus har likevel endra seg, ettersom dei nasjonale programma har endra seg. I starten hadde prosjekta ei kopling mellom breiband i kommunesentra (infrastrukturutrulling) og innhaldstenester då dette var vilkåra for HØYKOM-prosjekta. Så vart dei nasjonale prioriteringane endra til "breiband til alle" for å dekke dei siste "kvite flekkane" utan breibanddekning. I det siste har det vore meir innretning mot auka kapasitet i nettet, opprydding i koparnettet og oppgradering av mobilnettet etter at 551-midlane frå KRD opna for det.

Breibandforum har koordinert gjennomføring av prosjekta i tett samarbeid med kommunane. Kommunane har gjennomført innkjøpsprosessane og har rapportert tilbake til BBF. BBF har hjulpet kommunane med råd og rettleiing rundt teknologi og har laga felles utlysingsmalar som følgjer innkjøpsreglane. Vidare har hovedprosjekt og delprosjekt blitt organisert etter ein mal som alle aktørane kjenner.

I samband med den siste utlysinga av KRD-midlar i 2010 laga kommunane prosjektsøknadar til Sogn og Fjordane fylkeskommune. BBF sitt arbeidsutval var sekretariat for utlysinga og vurderte og prioriterte søknader som så vart lagde fram for politikarane i fylkeskommunen for avgjerd.

Breibandforum står for organisering og samordning. Drift av infrastrukturen er det kommunar og leverandørane som står for. Fleire kommersielle aktørar er aktive, dei største er Telenor og den regionale leverandøren Eninvest.

Breibandforum vart vurdert avslutta i 2007. Utviklinga hadde kome så langt den kunne med den teknologien som var tilgjengeleg. Men så opna det nasjonale finansieringsprogrammet for mobiltelefoni og fiberutbygging, og behovet for vidareføringa av samarbeidet vart tydeleg og BBF vart vidareført. I arbeidet med neste generasjon breiband basert på fiberteknologi vil BBF ha ein viktig rolle for å sikre at Sogn og Fjordane får tilgang til denne teknologien.

Målet for vidare arbeid er større fiberdekning. Til nærare fiberen kjem brukaren, til betre kapasitet vil den enkelte få. Fiber til alle er likevel langt fram, og arbeidet med å auke kommunikasjonskapasiteten må vere tosidig. Først og fremst mot lokale aktørar for å ha fokus på nye tenester, auka bruk og etterspørsel. Dernest mot sentrale styresmakter for å vidareføre og utvida den nasjonale finansieringa. Sogn og Fjordane har arbeidd mykje med å vere synlege overfor nasjonale styresmakter, som etterspør innspel frå fylka og regionane om kva som er utfordringane framover.

Tematiske satsingar framover:

- Kapasitetskrevjande tenester utifrå behov i næringslivet. EuroFoto (fototenester på nett) på Breim og LocalHost (datasenter og fjerndrift) i Måløy er viktige eksempel på kapasitetskrevjande tenester levert frå små kommunar.
- Skule: videokonferanse for å kunne levere og samarbeide om undervisning over kommunegrenser. I Nordfjord har skulane gått frå 2 til 50 mbps kapasitet på 5 år og det er stadig behov for større kapasitet
- Videokonferansar for PPT-tenesta og BUF-etat i ei samordna teneste som dekkjer fleire kontor og kommunar.

Gevinsten i offentleg sektor har vore betydeleg. Kommunane har rasjonalisert mykje ved å kunne legge til rette for nettbaserte tenester. Men utan at innbyggjarane kan nytte desse tenestene, dvs har tilgang til breiband, så hadde det ikkje vore nokon gevinst.

Vurdering

Kompetanseressursar

Breibandforum Sogn og Fjordane har gjennom lang tid knytt til seg eit sett av ulike kompetansar. Utgangpunktet var IT-forum Sogn og Fjordane som sidan midt på 90-talet har vore eit forum for å brygge samarbeid på tvers av ulike organisasjonar og styringsnivå. Praktiske resultat har gjennom lengre tid støtta opp om arbeidsforma.

På slutten av 90-talet fekk partnerane i fylket gjennomslag for ei rekkje større prosjektsatsingar, særleg innanfor EU sine forskingsprogram og regionale utviklingsprogram. I desse programma var det nødvendig setje saman breie regionale samarbeid for å nå gjennom med søknadane. I praksis viste det seg då også at den kompetansen var nødvendig for å utvikle søknadane og for å gjennomføre prosjekta.

For breibandarbeidet har partane utvikla ei arbeidsdeling. Kommunane har organisert seg gjennom regionråda og har hatt som oppgåve å identifisere behov i kvar kommune og rapportere dette til det felles planarbeidet i fylket. Kommunane har også ansvar for den lokale iverksettinga. Dei må stå for utlysing og kontraktar med leverandørar. Kommunane har gjennom samarbeidet også utvikla betydeleg kunnskap og erfaring frå offentlege innkjøpsprosessar.

I starten på breibandutbygginga var det liten interesse for utbygging og det var i praksis ikkje streng oppfølging av innkjøpa frå andre leverandørar. Etterkvart som omfanget har auka og neste generasjon breiband er under utvikling der eksisterande løysingar blir erstatta eller utvida med nye, set det strengare krav til innkjøpsprosessane. Kommunane har fått klager på innkjøpsprosessar og kompetansekravet er skjerpa.

Vestlandsforskning har gjennom heile perioden fungert som sekretariat for IT-forum og breibandforum. Vestlandsforskning har bidrege med kompetanse i prosjektutforming og søknadsskriving, har stått for samordnande prosjektleiing saman med regionråda som har hatt ansvar for sine kommunar, og har også bidrege med oversikter og innspel på teknologien.

Næringslivet har også ein representant i arbeidsutvalet. Dette har vore viktig for knyte satsingane opp mot behov i bedriftene. Dette er ikkje breibandleverandørar, men IT-bedrifter som er brukarar av breibandtenester. Leverandørane er også medlemmar av breibandforum, saman med om lag 40 andre organisasjonar, men dei kan ikkje delta i arbeidsutvalet. Leverandørane blir i staden innkalla til orienteringsmøte der dei gir signal om status og planar for vidare utbygging.

Mobiliseringsressursar

Fylkeskommunen har teke rolla som regional koordinator. Med utgangspunkt i erfaringane frå IT-forum Sogn og Fjordane tok Sogn og Fjordane fylkeskommune ei slik rolle frå starten i breibandarbeidet. Fylket lærde seg raskt at dei fekk betre gjennomslag i nasjonal konkurranse ved å stå saman og presentere ein samla plan for fylket. Andre fylke hadde i liten grad slike samarbeid og Sogn og Fjordane fekk mykje positiv respons på organiseringa. Dette forsterka rolla til fylkeskommunen.

Regionråda har organisert kommunane og har sørgd for mobilisering og forankring i kommunale politiske prosessar. Utan regionråda hadde det knapt vore muleg å handtere 26 kommunar med poliske prosessar for å sikre delfinansiering, kartlegging av behov og sikre gjennomføring av vedtekne prosjekt.

Nettverksressursar

Nettverkbygginga har utvikla seg over mange år i fylket. I starten var IT-området eit ukjent område for mange kommunar. Det var stort kompetansebehov. Gjennom samarbeid om prosjektutvikling lærde nettverket at dei fekk betre gjennomslag gjennom å samarbeida.

Frå å ha dårleg utteljing i starten av HØYKOM-programmet då kvar kommune eller region søkte for seg utan å få gjennomslag, til betydeleg gjennomslag for fylkesdekkande fellessøknader, fekk nettverkbygginga fotfeste. Kommunane, som er dei som i praksis må stå for utbyggingane, lærde at det var nyttig å ha eit system rundt seg som både kunne lage søknader og som passa på prosjektleiing, rapportering, mm.

Nettverket vart også eit viktig og nødvendig kompetansenettverk både for offentleg innkjøp og for å følgje med i teknisk utvikling.

Eit tredje gevinstområde for samarbeidsnettverk er mulegheitene for å kunne justere budsjett mellom kommunar. I ei prosjektutviklingsfase er det ikkje nødvendigvis alle budsjett bygd på gjennomførde anbod. Og i tillegg kan det også skje endringar undervegs i utbyggingsperioden. Ved å kunne justere budsjett mellom kommunar som får reduserte eller auka behov for finansiering, vil samarbeidet kunne handtere utbyggingane meir fleksibelt.

Eit nettverk kan også justere for forseinkingar. I dei seinare åra har det vore stor aktivitet med å bygge ut breiband og det har førd til kapasitetsproblem hjå leverandørane. Gjennom eit fylkesovergripande samarbeid kan då samarbeidsforumet justere bruken av midlane mellom partane for å unngå at midlar blir ståande ubrukt og må betalast tilbake til dei som finansierer satsinga.

Refleksjon

Partane i Sogn og Fjordane såg at samarbeidet gav ei rekkje positive effektar og samarbeidet utvikla seg gjennom ein prosess som har blitt sjølvforsterkande.

Partane fekk utvikla betre prosjektplanar gjennom å kople fleire behov, særleg innhald og infrastruktur. Prosjekta gav betre utteljing i konkurransen om finansiering. HØYKOM-programmet oppfordra til samarbeid mellom kommunar, Sogn og Fjordane stod fram som eit effektiv og samordna fylke der alle 26 kommunane var med.

Fylkeskommunen fekk også knytt arbeid med IT-infrastruktur til arbeidet med regional utvikling. Etter at HØYKOM-midlane vart erstatta av KRD-midlar fekk fylkeskommunen ei formell rolle i handtering av midlane. Her kunne Sogn og Fjordanefylkeskommune bygge direkte på den eksisterande organisering og tilpasse dette til strukturen for politiske vedtak.

Breibandforum fekk ansvar for å utvikle strategi og utlysingstekst. Hovedutval for plan og næring i Sogn og Fjordanefylkeskommune vedtok planen og lyste ut midlane. Breibandforum evaluerte innkomne søknader og laga innstilling til finansiering. Hovedutval for plan og næring fungerte deretter som programstyre og gjorde endelege vedtak om kva prosjekt som skulle finansierast. I motsetning til fleire andre fylke hadde Sogn og Fjordane her eit operativt apparat på plass og kunne nytte dette for å kople dei nye KRD-midlane til etablerte planar.

Partane har utvikla samarbeidet frå ein første fase der behovet var å gje alle tilgang til eit basis breiband. Partane vidarefører no samarbeid i ein neste fase der auka kapasitet i heile nettverket er målet.

5.3. Troms v/Bredbåndsfylket Troms

Utbygginga av breiband i Troms gjekk seint. Ingen kommersielle leverandørar ville ta ansvar for heile Troms fylke. Og frå nasjonalt nivå vart det gitt klare signal om at det ikkje skulle vere sentralt planlagt utbygging av breiband.

Plan- og næringsetaten i Troms fylkeskommune tok tak i situasjonen og utvikla ein plan for å stimulere breibandsutbygging. Målet var å etablere eit framtidretta nett for heile fylket som både var robust og stabilt og som hadde nok kapasitet for framtida.

Troms fylkeskommune sende ut førespurnad til leverandørane, men ingen ville bygge ut. Ein alternativ modell med andre interessentar måtte derfor etablerast. Dei fekk med kommunane, og våren 2003 gjennomførte dei ei utgreiing med å spesifisere funksjonelle krav til eit fylkesomfattande nett. Løysinga vart fiber. I november 2003 vart Bredbåndsfylket Troms AS etablert. Utbygginga starta i februar 2004. Tre entreprenørar stod for graving og strekking av fiber.

Troms fylkeskommune gav ei løyving på kr 4 mill pr år i 10 år som vart endra til 10 mill pr år i 4 år. Justeringa la grunnlaget for eit betre finansieringspakke. I tillegg fekk dei finansiering

frå Sparebanken Nord-Norge på vel 100 mill kr. I tillegg til dette fekk dei avtale med Statkraft, Troms fylkeskommune og kommunane i Troms om faste kjøp av kapasitet. Til saman har dette gitt inntekter til å handtere finansieringspakka.

Bredbåndsfylket Troms har bygd stamnettet for offentleg sektor i fylket. Offentleg sektor er både eigarar og hovedkundane. Men dei har også kundar frå leverandørsida som så tilbyr aksessnett i privatmarknaden. På same måte som Statkraft kjøpte mørk fiber i det opphavlege spleiselaget, kan leverandørar kjøpe mørk fiber og selje vidare kapasitet. På denne måten blir det ei arbeidsdeling. Bredbåndsfylket Troms leverer til kommunen medan lokale leverandørar tek seg av nærings- og privatmarknaden.

Dei andre leverandørane tilbyr ulike teknologiar som ADSL, radio- og fiberkommunikasjon. Nokre kommunar har gått vidare og bygd eigne lokale fibernett ut frå stamnettet til Bredbåndsfylket Troms. Lyngen, Dyrøy og Kåfjord har etablert fibersamband for alle husstandar i kommunen. Kommunane har bidrege med offentleg delfinansiering. Bredbåndsfylket Troms hadde og ei eiga satsing mot næringsmarknaden gjennom eit dotterselskap, men for å støtte arbeidsdelinga med leverandørane vart dette selskapet seld og samanslege med eit kraftselskap.

Bredbåndsfylket Troms er i hovedsak ferdig med nettet til alle kommunane i fylket. Noko arbeid blir gjort for å sikre betre redundans (alternative framføringslinjer for å sikre stabil drift). Hovedprioritet er no dialog med kommunane for stimulere til auka bruk. Skule, helse og offentlege tenester på nett er viktige bruksområde.

Tilgang til Norsk Helsenett blir levert av Bredbåndsfylket Troms. Dei levere kommunikasjonen mellom sjukehus og lokale legekontor. Integrering og samordning av Norske Helsenett med det eksisterande nettet tok tid og var ei forhandling som gjekk over eit par år. Her var det ein betydeleg innsats som måtte til for å sikre samordning mellom den regionale satsinga i Troms og den nasjonale satsinga Norsk Helsenett.

Samarbeidet om breiband har også stimulert til andre samarbeid. Kommunane i Midt-Troms samarbeider no om andre IKT-tenester og kommunane i Nord-Troms etablerer felles driftsopplegg.

Kommunane Berg, Torsken og Tranøy har gått saman om "Senja-legen" eit samarbeid for å få betre helsetenester. Breibandfylket Troms står for infrastrukturen.

Dei fleste kommunane har etablert sokalla digitale skulesenter med videokonferansar. Samarbeid om språkundervisning mellom Gratangen og Karlsøy er eit eksempel på bruk. FoU-miljøa har gratis bruk av nettet til forsøk og prosjekt. Eit eksempel er NORUT som brukar nettet i eit EU-prosjektet "Far north Living Lab". Eit anna er overføring (streaming) av musikk frå Insomnia-festivalen i Troms til ei filmframvising i Beijing der film og musikk vart kombinert. Denne overføringa brukte eit 100 Mbps samband.

Eit anna spørsmål som dei arbeider med, er å redusere kostnader for å få breiband fram til brukarane. Ein barriere er avgifter til "stolpeeigarane" for å føre fram nye linjer. Dersom desse kunne seie frå seg avgiftene, ville det stimulere vidare utbygging.

Bredbåndsfylket Troms har levert ulike kompetansetenester for eigarane. Kommunane har kunne bruke personar med kompetanse om prosjektleiing, offentleg innkjøp og brukartenester ved planlegging og utbygging.

Bredbåndsfylket Troms meiner at eit viktig suksesskriterium har vore openheit og samarbeid med alle. Alle interesserte leverandørar har kunne knyte seg til. Nettet er ope både for nasjonale og regionale leverandørar. Dei presiserer at ingen leverandør skal bli diskriminert.

Vurdering:

Mobiliseringsressursar

Troms er eit eksempel på at ein fylkeskommune har teke tak i eit problem der ingen kommersielle leverandørar har viste vilje til å bygge ut. Fylkeskommunen var drivkrafta og organiserte eit samarbeid med kommunane. Men til forskjell frå det som skjedde i andre fylke vart denne satsinga kopla til etablering av eit nytt selskap Bredbåndsfylket Troms som eig eit fylkesovergripande stamnett. Satsinga har også privat finansiering og har seld mørk fiber til private leverandørar som desse kan bruke til å selja vidare.

Mobiliseringa førde til at alle kommunane i fylket utanom ein vart med på eigarsida i Bredbåndsfylket Troms AS. Grunnen til at den eine ikkje er med skal vere planar om kommunesamanslåing den gongen selskapet vart etablert.

Vidare har satsinga fått med seg viktige kjøparar av breibandtenester, både store kundar som Troms fylkeskommunar og Statskraft, og nasjonale og lokale breibandleverandørar. Samarbeidet med leverandørane er verd å merke seg. Her kunne det potensielt vore grunnlag for mykje konflikt. Eit offentleg eigd selskap blir etablert for å konkurrere med private leverandørar. Men etter ein avklaring i starten om manglande vilje til utbygging frå dei private ser det ut til å vere utvikla eit godt samarbeid der dei heller deler infrastrukturen i fylket. I eit stort og spreitt bygd fylke som Troms synest dette å vera ei fornuftig og god samarbeidsløysing. Utfordringa framover blir å sikre at breibandet også kjem ut til næringsliv og innbyggjarar. Her kan nokre kommunar vise til gode eksempel på fiberframføring til alle husstandar. Samarbeidet med leverandørar og med kommunane for å sikre fiber til alle blir eit viktig arbeid framover.

Kompetanse- og nettverksressursar

Gjennom samarbeidet i Bredbåndsfylket Troms har kommunane fått ein organisasjon som kan tilby aktuelle kompetansetenester for utbygging og delvis bruk av breiband. Offentleg innkjøp, teknologiar, brukartenester og prosjektleiing er dekkja.

Ein interessant strategi er å tilby FoU-institusjonar fri bruk av nettet. Dette har gitt tilgang til ei rekkje forsøks- og demonstrasjonsprosjekt. Samarbeidet blir då tilførd ny kunnskap om bruksområde og om vidare spreining av breibandsbaserte tenester.

Refleksjon

Det ser ut til at satsinga har gått bra. Selskapet klarar å handtere finansieringa og har no vore i drift i sju år. Dei opplyser også at fiberutbygginga i hovudsak er fullført. Med dette meiner dei at stamnettet til kommunane og kommunale bygningar er fullført.

Breibandframføring til næringsmarknaden og til privat marknaden blir gjort av andre lokale leverandørar.

Samarbeidet med leverandørane har vore basert at dei skal kunne kjøpe seg inn i nettet og bruke dette for å levere eigne tenester. Denne arbeidsdelinga og ei ikkje-diskriminerande haldning til leverandørar har vore viktig for få så mange som muleg med i spleiselaget. Bredbåndsfylket Troms AS hadde eit dotterselskap som skulle handtere næringsmarknaden. Men dette vart seld til ein annan leverandør. Denne operasjonen var truleg eit viktig trekk for å justere kursen og reindyrke arbeidsdelinga med leverandørane.

Vi veit ikkje om denne organiseringa vil vere nok for å sikre vidare utbygging av fiber til alle som ønskjer det i Troms. Det kjem nok an på vidare offentleg delfinansiering og samarbeid med kommunane. Men den har vist ei evne til sikre eit stamnett i heile fylket og det har vist ein evne til å få til eit breitt samarbeid mellom fylkesnivået, kommunenivået, leverandørar og FoU-institusjonar.

5.4. Sør-Trøndelag med Røros

I Sør-Trøndelag er arbeidet med breiband ein del av arbeidet med regional utvikling i fylkeskommunen. Det er oppretta ein stab med tre medarbeidarar i regional utviklingsstaben i Fylkeskommunen som står for det praktiske arbeidet overfor kommunane. Dei arbeider med infrastruktur, IKT i offentleg forvaltning, næring/innovasjon. Initiativet kom frå fylkespolitikarane og fylkesordføraren.

Arbeidet er organisert gjennom 'Enhet for regional utvikling; team for IKT utvikling'. Tilsette ressurspersonar reiser rundt til kommunane og kartlegg manglande breiband og mobildekning, utviklar prosjekt og gjennomfører desse i samarbeid med kommunane. Det vert stilt krav om 50% eigendel frå kommunane. Nokre av kommunane har eigne prosjektleiingsressursar, men stort sett vert prosjekta leia av fylkeskommunen. Utbyggar har ansvar for drift. Det vert på vanleg måte stilt krav om offentleg anbod i alle kommunane.

Sett frå utbyggar sin side har samarbeidet med fylket så langt gått på å bygge ut i område utan breibanddekning. Fylkeskommunen kontaktar kommunane som så vidare kontaktar dei lokale aktørane. Sett frå ein utbyggar konkurrerer dei om utbyggingsoppdrag publisert på Doffin. Vinn utbyggar desse oppdraga, bygger dei ut med ein kombinasjon av statlege, fylkeskommunale og eigne midlar. Utbyggar får ikkje meir enn 50% delfinansiering frå det offentlege.

Utbyggjar framhever fylkeskommunen og måten dei handterer utbyggingar, at det blir peika på samfunnsnytte og konkrete bruksområde.

Fylkeskommunen peikar på desse gevinstane:

- Økonomiske effektar – det vert billegare når vi samarbeider på tvers av forvaltningsnivå
- Det overordna samarbeidet gjennom eit godt nettverk gir gevinstar i andre prosjekt
- Fylkeskommunen har kompetanse som mange av kommunane manglar:
- Fylket har gevinst ved samarbeid om infrastruktur på tvers av ulike sektorar i fylkeskommunen ved at til dømes tannlegekontor og vidaregåande skular får betre infrastruktur
- WiMax og mobil-prosjekt kan nytte same infrastruktur (mast/straum), og har fått redusert prisen på mobilutbygging monarleg.

Utbyggjar viser til at breibandmidlane har ført til at delar av regionen har fått tilgang til breiband fleire år før dei elles ville. I enkelte tilfelle har det også ført til utbygging på stader som aldri ville fått utbygging. Utbyggjar har hovudaksessen sin via BaneTele og fekk midlar frå mange kjelder (m. a. stat, Interreg, fylket) til å bygge ein redundant fiberkabel frå Røros til Funnedal i Sverige for å kople seg på det svenske breibandnettet. På vegen kopla dei på det som var av hus i tillegg til eit høgjellshotell og ein tollstasjon på grensa. Desse har no 100 Mbit/s datatrafikk og TV over fiberkabel. Desse hadde aldri fått breiband utan den offentlege støtta.

På spørsmål om framtida svarar fylkeskommunen at når fiberutbygginga no er i gang, startar dei på ein måte på nytt. Fylkeskommunen skal halde ein idédugnad med alle kommunane våren 2010 om vegar vidare for infrastrukturutbygginga.

Vurdering:

Kompetanse- og nettverksressursar

Sør-Trøndelag har vald ein modell der fylkeskommunen har vore særleg aktiv og pådrivar i breibandutbygginga. Fylkeskommunen tok tidleg initiativet og såg at mange kommunar hadde behov for kompetansestøtte. Resultatet vart etablering av ein stab med tre personar i fylkeskommunane som fekk ansvar for å samarbeide med og stå for iverksetting saman med kommunane.

Nokre kommunar har sett inn eigne resursar i prosjektleiing, men initiativet frå fylkeskommunen har ført til at prosjekta i stor grad blir leia derfrå. I so måte er Sør-Trøndelag ein av dei mest aktive fylkeskommunane og har engasjert seg djupt i prosjektgjennomføringane. Det å øymerke interne resursar og kompetanse for å støtte opp om breibandsatsinga har naturleg nok gitt resultat og har gitt fylkeskommunen ei leiande rolle.

Mobiliseringsressursar

Fylkeskommunen sin sentrale rolle er knytt til at dei engasjerte seg tidleg og tok på seg mykje ansvar. Dette fører då også til at fylkeskommunen har ein sentral rolle i mobiliserings- og bevisstgjæringsarbeidet i Sør-Trøndelag. Fylkeskommunen gjennomfører kartlegging av manglande eller dårleg dekning og utviklar prosjekt, og har gjennom dette utvikla eit nettverk til kommunane. Gjennom mange år og mange prosjekt har fylkeskommunen utvikla seg til å verte navet i nettverket og mobiliseringsarbeidet.

Refleksjon

Utviklingsarbeidet i Sør-Trøndelag har, som i fleire av dei andre fylka, lagt grunnlag for vidareutvikling utover å etablere første versjon breibandinfrastruktur. Neste steg med oppgradering av nettet med utbygging med fiber er i startfasen og vil bygge på vidareføring av eksisterande samarbeidsformer med kommunane. Samarbeidet har også vist effektar av å sjå ulike bruksområde i samanheng og potensialet for å nytte same infrastruktur til fleire føremål.

5.5 Hordaland med Nordhordland

Hordaland fylkeskommune har valt ein modell der dei har hatt prosjektansvar og prosjektleiar, men der regionråda har vore utførande. Eit felles arbeid for breiband vart først starta i 2007, og fylket vart då tildelt KRDMidlar og dei søkte om HØYKOM-midlar.

Hordaland fylkeskommune leigde Vestlandsforskning til å gjere ei kartlegging av status, behov og planar, og føreslå ein måte å organisere arbeidet på. Fleire av regionane var alt aktive i breibandsutvikling, og det var naturleg å velje ein modell som forankra utviklingsarbeidet i regionråda.

Planen var basert på innspel frå regionane og hadde fokus på å dekke dei kvite flekkane med manglande breiband. Det vart deretter gjennomført ei utlysing der kommunane gjennom regionråda kunne søke om midlar. Regionråda har handtert kontakten og mobiliseringa ut mot kommunane. Berre to kommunar sa dei ikkje ville vere med; Voss og Stord. Fylkeskommunen tok imot søknadane og gav tilsegn, og regionråda leverte rapportar til fylkeskommunen som rapportert vidare.

Det har ikkje blitt etablert eit fylkesdekkande nettverk. Einaste regionale samlinga var i samband med kartlegging av breibandstatus. I den grad det har vore nettverk og samlingar utover dette, har desse vore regionvise. Ulike regionråd har valt ulik tilnærming, og vore ulikt aktive.

Regionrådet Nordhordland

Arbeidet med breiband starta i Nordhordland i 2002-04 med prosjektet SING som etablerte ein fiberring mellom kommuneadministrasjonane. Dette auka og dekningsgraden betydeleg i resten av regionen.

Då det i 2007 kom signal frå Hordaland fylkeskommune om nye midlar tok regionrådet kontakt med kommunane. 8 kommunar i Nordhordland er med i arbeidet. Gulen kommune er og med i regionrådet, men for breiband er dei del av arbeidet i Sogn og Fjordane. To av kommunane Fedje og Modalen rapporterte tilbake at dei hadde så god dekning at dei ikkje trengte meir tilskot. Dei andre seks kommunane gjekk i lag om ei løysing. Det var vurdert å vere nyttig å ha alle kommunar med i ein anbodskonkurranse då dei kunne sjå regionen som ein heilskap og løyse ut ulike område på tvers av kommunegrenser.

Kommunane gjorde ei kartlegging i eigen kommune, dei køyrde ein annonsekampanje for å få inn rapportar om dårleg tilgang og kvite flekkar. Der det kom tilbakemelding om dårleg tilgang, vart dette registrert og danna grunnlag for ein plan for utbygging. Behova vart rapportert til fylkeskommunen. Dette danna seinare danna grunnlag for tildeling av midlar.

Nordhordland har organisert arbeidet som eit tverrkommunalt prosjekt. Prosjektgruppa bestod av dei dataansvarlege i kommunane. I tillegg vart det leigd inn ein konsulent som koordinerte det heile.

Det er rapportert få utfordringar undervegs. Regionen var bekymra for om alle hadde fått med seg annonseringa for å kartlegge behov, kanskje ikkje alle rapporterte inn. Men dei som fekk oppdraget, delleverandørane, har vore fleksible og funne løysingar når nye kvite flekkar er oppdaga. Men arbeidet tok vesentleg lenger tid enn planlagt. Særleg det å få løyve frå grunneigarar og planarbeid t.d. for å få sette opp ei mast, har teke meir tid enn føreset.

Suksessfaktoren har vore at ein etablert prosjektorganisasjon frå SING-prosjektet. Kommunane hadde gode erfaringa frå dette arbeidet og hadde tillit til prosessen. Dei hadde fått betre breibandsdekning og det var få klager på manglande tilgang. Ingen skriv i avisene om desse problemstillingane.

I det første prosjektet fekk kommunane etablert samarbeidet. Dei IT-ansvarlege i kommunane hadde ansvar for gjennomføringa. Regionrådet si rådmannsgruppe har peika ut medlemmene i IT-gruppa og IT-gruppa rapporterer tilbake til rådmennene. Same strukturen har vore brukt i seinare prosjekt, og i fleire andre innkjøpsprosessar for IT- og kommunikasjonstenester. Samarbeidet har ført til gode resultat for kommunane, m.a. gjennomgang og re-forhandling av telefonavtalar blir nemnd.

Hordaland fylkeskommunen har framleis att midlar til breibandutbygging. Dette er rapportert til kommunane i Nordhordland, men det er ikkje kome inn nye behov. Regionrådet ser derfor arbeidet som avslutta, men IT-gruppa er framleis aktiv, men på andre områder.

Vidare prioriteringar i Nordhordland vil vere knytt til bruken av nettverket. Helse og omsorg er eit aktuelt tema. På dette området er det etablerte ein eigen prosjektstilling for samhandlingsreforma. It-løysninga er sentral for samhandlingsreforma. Generelt vurderer dei også arbeidsdeling på tvers av funksjonar. Men kommunane er små og arbeidsplassar er viktig, så utviklinga går forsiktig framover.

Nettverket i Nordhordland har ikkje vore samansett av aktørar frå ulike sektorar, det er eit reint offentleg nettverk. Dei har til ein viss grad henta inspirasjon frå Ryfylke, Smålensveven og Gardermoregionen.

Vurdering:

Kompetanse- og nettverksressursar

I Hordaland har fylkeskommunen vore mindre aktiv enn i mange andre fylke. Eit visst engasjement har vore knytt til utlysing og administrasjon av prosjekt knytt til 551-midlane, men utover dette har ikkje fylkeskommunen engasjert seg særskild for å etablere kompetanse- eller samarbeidsnettverk for breibandutbygging. Resultatet er då at regionråda tek denne rolla. Regionrådet for Nordhordland har utvikla og organisert prosjektsatsingar gjennom eit nettverk av IT-ansvarlege i kommunane.

Arbeidet er ei avgrensa prosjektsatsing. Noko supplerande kompetanse er leigd inn etter behov. Dei uttaler at arbeidet er gjennomført og det er ikkje vesentlege behov som no ikkje er dekkja.

Mobiliseringsressursar

Mobiliseringa har føregått i regionsamarbeidet. Det har vore knytt til konkrete prosjekt og etter prosjektgjennomføringa er det no ikkje spesielle vidareføringsplanar for infrastrukturutbygginga. Vidare arbeid er knytt til ulike bruksområde.

Refleksjon

Sjølv om breibandutbygginga no er rekna som ferdig, har regionrådet ei operativ IT-gruppe samansett av kommunane sine IT-ansvarlege. Gruppa har utvikla aktivitet på andre område og har etablert ein eigen prosjektstilling som arbeider med helse- og omsorgsområdet. Samhandlingsreforma peikar på IT som ein vesentleg faktor for omstilling og effektivisering. Erfaringane frå breibandutbygginga kan truleg gje grunnlag for tilsvarande satsingar for slike prioriterte bruksområde når krav til omstilling, nye avanserte system og samarbeid krev spesialkompetanse og resursar.

5.6 Oppland med Nord-Gudbrandsdalen

Oppland fylkeskommune har ikkje vore mellom dei mest aktive fylkeskommunane i stimulering og samordning av breibandutbygging. Dei har i stor grad overlevert arbeidet til regionane og regionråda. Fylkeskommunen var ikkje aktive i HØYKOM-perioden, men kom meir på bana etter at KRD-midlane vart kanalisert gjennom fylkeskommunane. I den første perioden med HØYKOM-midlar måtte kommunane og regionane sjølve ta ansvar og utvikla satsingar gjennom regionråda.

Vi har såleis vald å sjå nærare på korleis ein av regionane i Oppland har organisering og drive utviklingsarbeidet.

Nord-Gudbrandsdalen regionråd har vore svært aktive. Dei tok tak i behovet for breibandutvikling i den tidlege fasen og utvikla eigne HØYKOM-prosjekt. Dei utvikla eigen kompetanse og organiserte samarbeidet for kommunane.

Regiondata inngår i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen eit interkommunalt samarbeid organisert som eit såkalla §27-selskap. Regiondata samordnar IKT-aktivitetar i kommunane, både utviklingsprosjekt og driftsaktivitetar som felles serverpark o.l.

Kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk i Nord-Gudbrandsdalen hadde utvikla samarbeid om IKT og breibandsatsingane vart inkludert i dette. Dei starta med dei mest sentrale områda i kommunane og bevega seg utover. Dei mest avsidene busetnadane har vore målet i dei siste åra.

Regionen har ei blanding av ulike løysingar. Fiber til skulane, radiobasert breiband til dei ytste områda. Fiber og radiobaserte breiband til telefonsentralane og koparkabel vidare til husstandane med ADSL. Dei offentlege brukarane har vore drivarar. Kommunane har bygd felles stamnett mellom kommunale bygg og mellom kommunane. Nettet har gitt god kapasitet og redundans er bygd inn i nettet. Fellesnettet har også lagt grunnlaget for vidare utbygging til private. Nord-Gudbrandsdalen har no nesten 100% dekning med basisbreiband.

Mobiliseringa for breiband har i hovudsak kome som politisk ønskje frå kommunane via regionrådet. Innbyggjarane i Nord-Gudbrandsdalen hadde dårleg breibanddekning, og kommunane engasjerte seg politisk. I tillegg var det nokre turistbedrifter i fjellområda som hadde behov for breiband. Dette var starten på satsinga. I fjellområda har radio-basert breiband vore brukt for å nå ut til dei ytste områda. Dette gav ein viktig tilleggseffekt ved at mange hyttefelt også vart inkludert. Gjennom denne tilleggseffekten meiner dei å fått meir dekning enn dei først hadde tenkt.

Utanom nokre reiselivsverksemdar har ikkje næringslivet vore særleg aktive. Privatmarknaden har vore viktigast. Ein viktig effekt av den nye dekninga i fjellområda er breibandtilbod til pendlarar frå andre stadar på Austlandet som har heimekontor eller hyttekontor. Her er det viktige koplingar til arbeidsmarknaden rundt Mjøsa med Lillehammer, Hamar og Gjøvik og til Oslo-området. Tilrettelegging av breibandinfrastruktur gir fleire personar som bur fleire dagar i Nord-Gudbrandsdalen og brukar lokale tenester.

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen organiserte dette gjennom regionrådet. Kommunane opplevde det å vere krevjande å lage HØYKOM-søknader. Dei deltok her i ein nasjonal konkurranse med andre deler av landet, og det var krav til kopling mellom innhaldstenester og infrastruktur. Regionrådet utvikla etter kvart kompetanse i prosjektskriving og søknadsskriving gjennom dialog med HØYKOM-sekretariatet. Regionrådet brukte noko ekstern rådgjeving, spesielt for å utarbeid statuskart for breibanddekning i regionen og for gjennomføring av breibandprosjekta i høve til regelverket for offentleg innkjøp. I ettertid har regionrådet organisert eit fagråd for offentlege innkjøp basert på desse erfaringane.

Eidsiva Breiband har vore ein aktiv regional leverandør. I den tidlege fasen var dei med og utvikla planar og satsingar. Dei var då også aktive i å søke kontakt med andre regionar som hadde kome i gang med lokale og regionale breibandprosjekt. M.a. var dei på besøk i Sogn og Fjordane og studerte organiseringa av IT-forum og Breibandforum Sogn og Fjordane.

Eidsiva Breiband er eigd av lokale energiverk, og lokale kommunale prioriteringar og ønskje om bidrag til breibandutbygging har truleg påverka selskapet si deltakinga i ulike spleiselag. Etter at stamnettet kom på plass føregår no vidare utbygging til privatheimar i dei sentrale delane av kommunane basert på etterspurnad frå marknaden.

Satsinga i Nord-Gudbrandsdalen held fram gjennom utvikling av nye tenester for kommunane, særleg sjølvbeteningsløysingar med kommunal informasjon og søknadar. Innføringa av Norsk Helsenett i kommunane har vorte samordna i det regionale nettet. Dette

har vore ein klar gevinst av fellessatsinga. Ei større helsesatsing er no under utvikling frå 2010.

Breibandutbygginga har vore gjennomført parallelt med utvikling av tenester og innhald. Ved å sjå dette i samanheng har dei utvikla ei forståing for at breiband er ein infrastruktur som legg grunnlag for ei rekkje andre tenester og aktivitetar. Lokalpolitikarane ser at breiband er eit element i å gjere området attraktivt for busetnad og tilflytting. Tenesteutvikling skal stimulere til bruk og gjennom det til vidare utbygging av kapasitet og dekning.

Næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen ser no også på mulege løysingar for å dekke felles IT-behov etter modell frå kommunesamarbeidet. I staden for at små bedrifter driv sine egne løysingar kan dei samarbeide om fellestenester som sikkerheit, back-up, serverdrift m.m.

Vurdering:

Kompetanse- og nettverksressursar

Nord-Gudbrandsdalen er eit godt eksempel på ein region som har teke tak i eigen situasjon. Her har fylkeskommunen vore mindre aktiv og regionane har kompensert for dette. Regionen har i mange år hatt eit samarbeid om IT gjennom eit såkalla paragraf 21-selskap. Selskapet har utvikla seg til eit kompetanse-nav der kommunane har kunne samarbeida om både infrastruktur og tenester.

Regionrådet har både eigen kompetanse gjennom dei personane som arbeider i selskapet, og dei har også knytt til seg kompetanse for prosjektutvikling og gjennomføring. Offentleg innkjøpsreglement har naturleg nok også vore eit viktig element. Dette fungerer om lag som for dei andre case i rapporten, men her er det ikkje FoU-miljø, men konsulentfirma og leverandørar som har vore trekt inn.

Nord-Gudbrandsdalen uttrykker også ønskje om å arbeida vidare med samarbeid til andre regionar og fylke. Dei representerer eit lite område med få innbyggjarar, og vidare samarbeid med andre regionar er ein strategi for å kompensere for eit mindre aktivt samarbeid i eige fylke.

Mobiliseringsressursar

Tilsvarende som for dei andre fylka, er det kommunane som er grunnpilaren for arbeidet og det er kommunane som reelt blir ansvarlege for breibandutbyggingane. Forankring og mobilisering er då i utgangspunktet lettare når det blir forankra i kommunane sitt eigen regionale organisering.

Ein utventa effekt var utløysinga av hyttemarknaden. Her har kommunane fått ein mobilisering som dei ikkje hadde planlagt i utgangspunktet. Hyttemarknaden er i utgangspunktet sjølvstendig også ein viktig næringsmarknad og den gir effektar i form at heime- eller hytte-kontor.

Refleksjon

Kommunane har sett at dei må arbeide med nye tenester for å kople infrastruktur og innhald. Dei utvidar tenestetilbodet og dei ser at samarbeidet er bra for dette. Det etablerte samarbeidet blir vidareutvikla til nye bruksområde.

I Nord-Gudbrandsdalen har det også utvikla seg ein interessant kopling frå kommunesektoren til næringslivet. Næringslivet har merka seg effektane av samarbeidet og ser no på mulegheitene for å kunne etablere eit liknande samarbeid om IT-tenester for næringslivet.

Utviklinga av breibandbehovet i hyttemarknaden var ein noko overraskande effekt, og har gitt nye idear og planar for å stimulere denne bruken. Her er det interessante effektar av å kunne få ei stor gruppe til å bruke fleire dagar og meir resursar i desse kommunane.

5.7 Telemark med Vest-Telemark

I Telemark har også regionråda vore dei dominerande pådrivarane heilt frå starten av HØYKOM-programmet. Etter at KRD-midlane kom, har fylkeskommunane tek ei meir koordinerande rolle på tvers av regionane. Men samordninga er i hovudsak knytt til utlysing av midlar, utbetalingar og rapportering. Regionråda og kommunane står for gjennomføringa.

Vest-Telemark har eit regionråd for Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Vest-Telemark har om lag 50% av arealet i Telemark, men berre 15.000 innbyggjarar. Med store areal og få innbyggjarar har offentleg finansierte breibandprosjekt vore viktige. Prosjekta vart utvikla på regionnivået, og Vest-Telemark regionråd leigde inn konsulent for å gjere deler av arbeidet.

Utrullinga av breiband grodde fram i koplinga mellom kommunalt samarbeid om innhaldstenester og infrastruktur. Arbeidet bygde på ein solidaritetstanke i kommunane. Alle skulle få, også dei som budde langt unna kommunesentra.

Kommunane i Vest-Telemark kopla ulike midlar for å sikre fullfinansiering. Kommunane hadde tilgang til og prioriterte midlar frå eit konsesjonskraftfond til delfinansiering av breibandprosjekt. Dette var regionale midlar som kunne brukast til å delfinansiere nasjonalt finansierte prosjekt.

I tillegg vart det også brukt midlar frå Fondet frå tilbakeført arbeidsgjevaravgift. Desse midlane var tilbakeført til fylket frå staten, og vart styrt av eit fondstyre med representantar frå næringslivet i Telemark tilsvarande som i fleire andre fylket. Næringslivet sine representantar prioriterte breibandutbygging og dette vart sett på som eit viktig signal om behov og prioriteringar frå næringslivet.

Forankring i regionrådet har vore viktig. Der møter ordførarar og rådmenn. Når dei har vore med på eit vedtak, er det lettare å kome tilbake til kommunane med oppfølging. I nokre

kommunar har breibandutbygging kome i ein viss konkurranse med andre satsingar til tross for vedtak i regionrådet. Dette har gitt forseinkingar.

I ettertid ser dei og at satsingane kunne vore gjort meir heilskapleg. Det hadde vore gunstig å finansiere større del av utbygginga som ein felles sentral infrastruktur frå starten. I praksis var det mange mindre utbyggingar som etterkvart vart kopla saman.

Ei viktig erfaring frå arbeidet med breiband er at det har utvikla samarbeidet mellom kommunane. Kommunane har lært at dei kan løfte felles satsingar opp på regionnivået og samarbeide om å løyse dei. For 5-10 år sidan var slikt ikkje mulig. Breibandutbygginga har vore nødvendig å handtere på regionnivået. Det har kravd spesialkompetanse og satsinga har vist resultat.

Mykje eksterne midlar og konkrete resultat har gitt ei oppfatninga av at dei har fått mykje ut av samarbeidet, og det stimulerer til vidare fellesaktivitetar. I det vidare samarbeidet i Vest-Telemark er felles karttenester eit nytt bruksområde. Kartsystem og kartdata krev breiband og det stimulerer også samarbeid mellom kommunane.

I det vidare arbeidet blir det framheva at nasjonale finansiering også bør omfatte midlar til å stimulere innhald og bruk. Regionalt kommunesamarbeid har potensiale til å vera eit eksempel på meir effektiv offentleg drift bygd på breibandinfrastruktur.

Vurdering:

Kompetanse- og nettverksressursar

Telemark er eit av fylka der regionråda har vore aktive. På same måte som i Oppland og Hordaland, har regionråda på eiga hand teke tak i behovet når fylkeskommunen ikkje har vore spesielt aktiv.

Kommunane i Vest-Telemark har etablert både interne og eksterne nettverk. Regionrådet har hatt eigne personar direkte knytt til prosjekta, dei har leigd inn konsulentar etter behov og dei har etablert kontakt med og lært av andre regionar.

Mobiliseringsressursar

Vest-Telemark har hatt engasjerte personar som har utvikla satsingane. Kopling av engasjement hjå politikarar og administrasjonen har gitt ein omfattande aktivitet. Eit tydeleg teikn på engasjement og forankring er koplinga av ulike finansieringskjelder der midlar både frå konsesjonsavgiftsfond og midlar frå tilbakeført arbeidsgjevaravgift er prioritert til delfinansiering av breibandutbygging. Desse midlane er ikkje øyremerka til breiband og bruken viser såleis brei mobilisering og forankring av satsingane. Næringslivet i regionen har støtta opp om desse prioriteringane gjennom prioritering av arbeidsgjevarmidlane.

Refleksjon

Breibandutbygginga ser ut til å ha gitt gode resultat ved kopling av mange samarbeidspartar, effektiv samordning mellom ulike finansieringskjelder og samarbeid mellom næringsliv og offentlig sektor.

Satsinga og samarbeidet har vorte forsterka av at det lokale samarbeidet og prioritering av lokal delfinansiering har utløyst mykje nasjonale midlar gjennom mange år. God konkurransekraft i høve til å få tilført regionen resursar er eit viktig resultat som blir lagt merke til av både politikarar og næringsliv.

Vest-Telemark er eit godt eksempel på at eit breitt samarbeid og god samordning av resursar har gitt god utteljing, og desse resultatata set i gang nye prosessar der samarbeidet blir vidareført både for nye bruksområde og for vidareutvikling av breibandinfrastrukturen.

6. Effektar, gevinstar og oppsummering

I kartlegginga av arbeidet med å mobilisere, utvikle og gjennomføre breibandutbygging i fylka har vi bygd både i den nettbaserte kartlegginga og i dei oppfølgjande intervjua på eit sett omgrep for å beskrive regional organisering og arbeidsmåtar. Omgrepa er presenterte i kapittel 2, og består av hovudelementa:

- Endringskapasitet bygd på
 - Nødvendige kunnskapsressursar
 - Nødvendige nettverksressursar
 - Nødvendige mobiliseringsressursar
- Kultivering av infrastruktur for effektiv nytting av små ressursar
- Refleksivitet for å møte behov og vidareutvikling

I dette kapitlet ser vi på rapporterte effektar og gevinstar ved dei to hovudmodellane for samarbeid; samarbeid i eit fylke og samarbeid innanfor ein region.

6.1 Gevinstar med ein fylkesovergripande samarbeidsmodell

Det viser seg at fylka har arbeidd svært ulikt med planlegging og utbygging av breiband. Dette er nok ein konsekvens av den nasjonale strategien for utvikling av breiband. Norsk breibandutbygging har ikkje vore styrt av ein samla nasjonal plan, men av lokale og regionale initiativ støtta av nasjonale finansieringsprogram. I utgangspunktet skulle etterspurnad og ei kommersielt styrd utbygging styre utviklinga av breiband. Der det så, etter ei tid, viste seg å ikkje vere eit kommersielt grunnlag for utbygging, skulle nasjonale finansieringsprogram støtte opp om lokale initiativ og delfinansiere utbygging for å sikre alle tilgang til breiband.

Dei nasjonale finansieringsprogramma hadde årleg langt mindre midlar enn nødvendig for å dekke behovet for breiband til alle. Finansieringa måtte derfor fordelast over mange år, og fordelinga mellom lokale og regionale initiativ vart regulert gjennom søknadar og konkurranse om nasjonale midlar, særleg til HØYKOM-programmet .

I utgangspunktet vart det ope for alle å søke midlar, men etterkvart vart det stimulert til samarbeid om utviklingsprosjekta. Offentlege etatar kunne søke midlar som skulle gå til å stimulere etterspurnad. I praksis vart det då kommunane som fekk ei hovedrolle i arbeidet. Når så samarbeid vart etterspurd, var det naturleg at regionråda engasjerte seg.

Etter kvart vart også alle fylkeskommunane direkte involvert då Kommunal- og regionaldepartementet tok over den statlege finansieringa etter HØYKOM-programmet gjennom sokalla 551-midlar til fylkeskommunane. Med denne finansieringa måtte alle fylkeskommunane handtere breibandutbygging på ulikt vis og også engasjementet var nokså ulikt. Nokre fylkeskommunar kom meir på bana etter dette, nokre hadde allereie vore aktive

og fekk ei endå tydelegare rolle med å drive regionale utviklingsprogram i staden for å støtte søknader til nasjonale program, medan nokre var framleis nokså passive.

Nokre av fylkeskommunane har arbeidd mest internt og utan breiare alliansar og nettverk. Dei har registrert at staten har løyvd midlar til breiband, dei har motteke sin del av midlane som så er sendt vidare til kommunane etter ulike utlysingsprosessar. I desse tilfella skjer det ikkje noko vesentleg regional oppbygging av kunnskap, utvikling av relasjonsressursar eller mobiliseringsevne.

Midlane til breiband blir sett på som andre statlege midlar formidla via fylkeskommunane. Dei blir handtert formelt korrekt, sendt vidare til kommunane og deretter er aktiviteten avslutta. Samarbeidet er tilfeldig i den forstand at det ikkje ligg nokon strategisk plan bak arbeidet frå fylket si side. Samarbeidet vert avslutta når pengane er brukt opp.

Fylkeskommunar arbeider normalt tett saman med regionane under paraplyen regional utvikling. I breibandutviklinga har også fleire fylkeskommunar utvikla eit velfungerande samarbeid med kommunar og regionråd for å definere felles strategiar og handlingsplanar, bygge felles kunnskapsressursar, gjennomføre utlysingar og felles prosjektoppfølgjing. Bygging av breibandinfrastruktur vert gjennomført som ein del av dette etablerte samarbeidet. Når arbeidet er ferdig er samarbeidet klart til å ta tak i nye utfordringar. Det har vist seg både å vere behov for vidare arbeid med å auke breibandkapasiteten og det har vore behov for å utvikle innhaldstenester og stimulere til bruk av breibandinfrastrukturen.

Vidareføring av samarbeidet er viktig. Dette har vist seg ved at nye behov dukkar opp og arbeidet som i utgangspunktet var tenkt å vare ei kort tid fortset med nye oppgåver. Teknologeutviklinga går rakst vidare og brukarane sine krav til bandbreidde aukar. Arbeidet går no vidare med å sikre høgare kapasitet gjennom fibertilknytning og utvikling av innhaldstenester. Tre av fylkeskommunane har vist eksempel på initiativ til utvikling av breie samarbeid som no blir vidareført for å ta tak i desse nye oppgåvene. I desse fylka er det også uttrykt klare gevinstar ved det fylkesomfattande samarbeidet som er utvikla gjennom fleire år.

Østfold gjennom breibandutvalet i Østfoldrådet og Sogn og Fjordane gjennom Breibandforum Sogn og Fjordane og Bredbåndsfylket Troms har etablert breie samarbeid for mobilisering, kartlegging og overvaking av breibandstatus, og for utvikling av felles strategiar og prosjektgjennomføring. I desse fylka har det utvikla seg eit samarbeid mellom fylkeskommunane, kommunane, regionråda, næringsliv og FoU-miljø som har gitt den nødvendige kompetanse og mobiliseringsevne. Fylka går vidare med samarbeidet og seier at det fungerer godt for å fange opp nye behov.

I Østfold ser vi følgjande gevinstar:

- Samarbeidet har gitt eit breitt fagleg nettverk som blir vidareført for å handtere planlegging og utrulling av neste generasjon breiband.
- Samarbeidet har gitt ei brei felles organisering av overvaking og beredskap for utvikling på IKT-område i fylket.

- Samarbeidet har gitt ny kunnskap om behov for betre samordna planlegging, særleg knytt til areal- og kulturminneforvaltning, for å sikre effektiv utrulling av ny infrastruktur.
- Samarbeidet har gitt grunnlag for å spesifisere og utvikle fellestenester på tvers av kommunane i Østfold utifrå behov, særleg i skulane

I Sogn og Fjordane ser vi følgjande gevinstar:

- Organisering av samarbeidet med regionrådsrepresentantar som har mandat frå og fangar opp behov i kommunane er effektiv for mobilisering og forankring.
- At kvart regionråd er ansvarleg for å prosjektgjennomføring i sine kommunar er effektiv til tross for eit stort tal kommunar.
- Samarbeid på tvers av kommunar, fylkeskommune, næringsliv og FoU har gitt nødvendig breidde i kompetanse til å utvikle og gjennomføre store fellessatsingar
- Breitt samarbeid på tvers av sektorar og administrative nivå har gitt mulegheit for å vise eit samla behov frå eit fylke til nasjonale politikktutformarar og finansieringskjelder.
- Breitt samarbeid i eit fylke har gitt eit forum for felles profilering av nye satsingar, kartlegging av behov og oppfølging av innkjøpsprosessar og prosjektgjennomføring.
- Ved overgang frå konkurranse frå ein nasjonal arena (HØYKOM-programmet) til ein konkurranse om midlar tildelt fylket, har fellesorganisering vorte eit forum for å utvikle strategiar, utlysingar og evaluere prosjekt.

Bredbåndsfylket Troms viser følgjande gevinstar:

- Breitt samarbeid som inkluderer alle kommunane i Troms utanom ein
- Etablert stamnett i til alle kommunane i fylket, kunn redundansutbygging står att
- Ei arbeidsdeling med leverandørar er utvikla der dei tek seg av den næringslivs- og privatmarknaden
- Gjennom samarbeidet har fleire kommunar i Troms vidareutvikla lokalt tilbod til å omfatte fiber til alle husstandar
- Inkludering av FoU-miljøa med fri bruk av breibandet har gitt ei rekkje utviklingsprosjekt

Sør-Trøndelag fylkeskommune har ein annan modell der det er etablert ei breiare faggruppe internt i fylkeskommunane i staden for å samarbeide med fleire miljø. Denne gruppa samarbeider med kommunane og har ei tett oppfølging av det lokale og regionale arbeidet.

Her er gevinstane særleg knytt til:

- Økonomiske gevinstar av eit effektivt samarbeid i fylket.
- Fylkeskommunen har utvikle støttefunksjonar for behovskartlegging, innkjøp og prosjektleiing, som mange kommunar har behov for og etterspør.
- Samordning på fylkesnivå gir gevinstar ved betre sambruk av infrastruktur, t.d. samordning med fylkeskommunale vidaregåande skular og tannlegekontor og deling av fysiske master for ulike teknologiar.
- Samarbeidsnettverk utvikla gjennom breibandutbygginga har gitt ein samarbeidsmodell som kan nyttast for fleire tematiske bruksområde.

6.2 Gevinstar med regionale samarbeidsmodellar

I dei fylka der fylkeskommunen ikkje har vore særleg aktiv, måtte andre konstellasjonar ta tak i saka. Ofte ser vi at kommunane sjølve har teke tak i problemstillingane gjennom regionråda. Det lokale behovet og dei nasjonale finansieringsprogramma gjorde at lokalmiljøa agerte.

I praksis har regionråda vore ei slik organisering som har kunne handtere konkurransedyktig søknadsskriving og prosjektarbeid i HØYKOM-tida, og regional samordning, dokumentasjon og meir krevjande offentleg innkjøpssamarbeid i tida med midlar frå KRD. Nokre regionråd har utvikla betydeleg kompetanse i eigne organisasjonar, dei har delvis kjøpt inn konsulentar og brukt leverandørar for å fylle spesielle behov og dei har utvikla eigne nettverk for å sikre ei kontinuerleg oppfølging og vidare utvikling.

Gode eksempel på slike regional interkommunal handteringar av breibandutbygging er Nordhordland, Vest-Telemark og Nord-Gudbrandsdalen. Vest-Telemark og Nord-Gudbrandsdalen er koplinga mellom infrastruktur og bruksområda ein viktig strategi. I begge desse regionane har breibandarbeidet grodd fram i koplinga mellom utvikling av bruk og infrastruktur der det eine støttar det andre og der forståing for behov og gevinstar blir gradvis utvikla og forsterka. Men denne koplinga blir det også enklare å mobilisere politisk støtte og anna lokal støtte for arbeidet og for ei vidare satsing. I Nordhordland har kommunane konsentrert aktivitetane om sjølve infrastrukturutbyggina, medan samarbeid om utvikling av tenester har kome til etter kvart.

Desse regionsamarbeida rapporterer om følgjande gevinstar:

- Arbeidet med breibandinfrastruktur har vorte kopla med arbeid med innhaldstenester for å sikre vidare forankring og syne nytte av satsinga.
- Kommunane har gjennom felles kompetanseoppbygging kunne utvikle (kultivere) tekniske løysingar bygd på fleire teknologiar og med gradvis utbygging etterkvart som teknologi og finansiering har vorte tilgjengeleg.
- Kommunane har gjennom felles kompetanseoppbygging vorte profesjonalisert i offentlege innkjøpsprosessar og innkjøpssamarbeid.
- Breie samarbeid har gitt utbygging som har utløyst ikkje-planlagde behov, t.d. breibanddekning til hytteområde der heimekontor på hytta har utvikla seg til eit viktig utviklingsområde i kommunane.
- Samarbeidet har gitt grunnlag for fellessatsingar på ei rekkje bruksområde:
 - Fellesløysingar for helsenett
 - Fellesløysingar for kommunale tenester
 - Fellesløysingar for IKT-drift

6.3 Oppsummering regionale samarbeidsmodellar

Hovedelementa i samarbeidet er forholdsvis like enten det skjer på regionrådnivå eller på fylkesnivået. Fylkesnivået omfattar naturleg nok fleire kommunar og er meir omfattande, men det er oftast organisert ved at alle regionråda er med i samarbeidet og regionråda tek seg av sine kommunar. I dei tilfella der regionråda har handtert arbeidet sjølve, må dei likevel skaffe seg dei nødvendige kunnskapsressursane, etablere nødvendige nettverk og sørge for mobilisering, forankring og synleggjeringa av gevinstrealisering.

Når vi ser på tvers av dei ulike organiseringane av breibandarbeidet, er det nokre hovedelement som går att og som er knytt til hovedomgrepa lansert tidlegare. Institusjonell kapasitetsbygging eller i dette tilfelle *regional kapasitetsbygging* (i fylket eller gjennom eit regionråd) ser ut til å vere fellesnemnaren. Regional kapasitetsbygging bygger på utvikling av følgjande sett av kunnskapar enten innanfor eit etablert samarbeid eller gjennom tilknytte ressursar:

Kunnskapsressursar

Fylka og regionane som har vist gode resultat med breibandutbygging gjennom lang tid, har systematisk utvikla ei gruppe som dekkar den nødvendige breidda i kompetanse. Breibandutbygginga har i mange år vore ein konkurranse på ein nasjonal arena om midlar til infrastrukturbygging og utvikling av innhaldstenester. Konkurransen har tvinga regionane til å skaffe seg naudsynte ressursar, enten i eigen organisasjon eller i eit breiare samarbeid. Breibandutbygginga har også kravd kompetanse innanfor fleire ulike område slik som teknologiske løysingar, bruksområde for tenestene, regelverk for offentleg innkjøp, prosjektleiing med samarbeid på tvers av ei rekkje organisasjonar. Fylka og regionane har løyst behovet på to måtar, enten ved å bygge opp kompetansen i eigen organisasjon eller gjennom å utvikle breiare samarbeid.

I Sør-Trøndelag har fylkeskommunen bygd opp ei gruppe i eigen organisasjon som handterer utbygginga. I Troms er Bredbåndsfylket Troms etablert for både drive nettverket og gi støtte kommunane i planlegging og prosjektgjennomføring.

I Østfold, Sogn og Fjordane og i dei regionale samarbeida i Nord-Gudbrandsdalen, Vest-Telemark og Nordhordland har det utvikla seg eit samarbeid mellom ei rekkje organisasjonar som til saman dekkar den naudsynte kompetansen.

Begge løysingane bygger at ein i fellesskap dekker nokre grunnleggande kompetansebehov:

- Evne til å identifisere og dokumentere behov
- Evne til å utvikle lokale og konkrete strategiar og handlingsplanar
- Evne til å utvikle prosjekt
- Evne til å gjennomføre prosjekt

- Evne til å gjennomføre innkjøpsprosessar

Den eine modellen er ikkje nødvendigvis betre enn den andre. Det er lokale føresetnader og ambisjonar i dei aktuelle organisasjonane som er utgangspunktet for om det blir utvikla løysingar i ein organisasjon eller om det blir utvikla på tvers av fleire organisasjonar. Fleire modellar kan vere svaret, avhengig av situasjonen. Begge desse modellane ser ut til å ha fungert bra. Det kritiske er å sjå behovet for kunnskap og å systematisk utvikle og vedlikehalde ei gruppe som dekkar nødvendige kunnskapsbehov og kople denne til det regionale utviklingsbehovet.

Nettverksressursar

Felles for fylka og regionane som har lukkast med breibandutbygginga, er også evna til å utvikle gode samarbeidsnettverk.

Samarbeidet har gått langs fleire aksar. For det første har det vore nødvendig å utvikle samarbeidet i ei kjernegruppe av deltakarar der kunnskapsbehova blir dekkja som nemnt ovanfor, vidare har det vore viktig å utvikle kontakt og dialog med leverandørar og it-næringa i regionen. Fleire av fylka og regionane har vore aktive i å levere innspel til departement og andre nasjonale politikktutformarar.

Det har til dels også vore kontakt og samarbeid på tvers av regionane og fylka der dei har studert korleis dei andre har organisert seg og gjennomført prosjekt. Eit interessant resultat av kartlegginga er at for seks av dei sju casefylka er det uttrykt ønskje om å få til meir kontakt og samarbeid mellom miljøa. Samarbeidet er nyttig både for å lære av kvarandre, men også særleg viktig for å kunne gje innspel til nasjonale politikktutformarar om strategiar og tiltak for utvikling av neste generasjon breiband i regionane.

Fylka og regionane i denne kartlegginga har vist evne til å utvikle samarbeidsnettverk på følgjande område:

- Evne til å utvikle nettverk til supplerande kunnskapsmiljø
- Evne til å få lokalt samarbeid til å fungere, enten i kommunegruppa eller mellom fylkeskomme og kommunar.
- Evne til samhandling med leverandørar samtidig som innkjøpsregelverk blir respektert
- Evne til å knyte seg til nasjonale program og drive lobbying for nasjonale ressursar

Ei aktuell oppfølging av kartleggingsarbeidet er å stimulere eit breiare samarbeid mellom fylka og regionane for å gje innspel til vidare breibandutbygging. Her er det eit stort behov for innspel og dialog mellom regionane og nasjonale politikktutformarar som Kommunal- og regionaldepartementet, Samferdsledepartementet, Fornyingsdepartementet og Post- og Teletilsynet.

Mobiliseringsressursar

Mobilisering og forankring har vore ein kritisk faktor. Alle utbyggingane har kravd delfinansiering og medverknad frå ei rekkje partar. Kommunane har spelt ei hovedrolle og breie samarbeid med involvering av mange kommunar har vore nødvendig. For kommunane har finansiering av breiband vore ei prioritering i høve andre viktige oppgåver og innanfor stramme økonomiske rårer. Kommunane har bidrege med store summar i delfinansiering, enten direkte frå eigne budsjett eller frå regionale fond som alternativt kunne ha vore brukt til andre føremål.

Både for utvikling og ikkje minst for gjennomføring av prosjekta har forankringa i kommunane vore kritisk og er noko som alle prosjekta har arbeidd med. Til tross for dette har dei fleste regionane hatt visse problem med forseinkingar og manglande oppfølging av vedtak. For å ha suksess må samarbeid som dette ha kontinuerleg fokus på og bruke ressursar på mobilisering og forankring. Det krev:

- Evne til å mobilisere lokale politikarar, næringsliv og innbyggjarar
- Evne til å vise kopling mellom behov og gevinstrealisering
- Evne til å formidle behov og resultat til nasjonal politikktutforming

Kultivering av infrastruktur

Vi ser at dei fleste regionane og fylke har utvikla infrastrukturen gradvis gjennom ei rekkje prosjekt. Med avgrensa ressursar både nasjonalt og lokalt har det vore nødvendig å starte med moderate løysingar som gradvis har vorte forbetra. Ei tilnærming er å starte i dei mest sentrale områda og så gradvis dekke større og større område. Dette er ein nokså opplagt strategi med lite ressursar og stort press for å få etablert breibandsløysingar. Men i tillegg ser vi at regionane og fylka har hatt strategiar om å bygge stamnett som legg grunnlag for å sikre større kapasitet fram til sluttbrukarane etterkvart som finansieringa gjer det muleg.

Bredbåndsfylket Troms viser her den største og dristigaste satsinga. Dei laga ein plan for stamnett til alle kommunane i fylket og fekk på plass ei stor finansieringspakke. Satsinga har lukkast både gjennom å gi fibersamband til alle kommunane i Troms og den har også stimulert full fiberutbygging i fleire kommunar i Troms.

Ei gradvis utvikling av infrastruktur er ein nødvendig strategi og krev:

- Evne til effektiv utnytting av små ressursar
- Evne til å kople ulike teknologiar og bygge samanhengande løysingar over tid

Refleksjon for å møte nye behov og vidareutvikling

Eit fellestrekk for fylka og regionane som har fått etablert og vedlikehalde effektive og breie samarbeid over lengre tid, er evna til å lære og justere kursen undervegs i satsingane. Bredbåndsfylket Troms er eit eksempel der dei i ein periode hadde eit dotterselskap som selde breiband til næringslivet. Etter kvart vart dotterselskapet seld til andre leverandørar. Arbeidsdelinga vart ryddigare, Bredbåndsfylket Troms handterer kommunane og fylkeskommunen og private leverandørar handterer privatmarknaden og næringslivet. Private leverandørar kan kjøpe kapasitet for vidaresal i stamnettet til Bredbåndsfylket Troms. Ingen

leverandørar blir diskriminert. Sal av dotterselskapet var truleg ein viktig justering for å unngå konflikter med private leverandørar og for å sikre arbeidsdelinga.


Både i Sogn og Fjordane, Østfold, Nord-Gudbrandsdalen og Vest-Telemark har behova utvikla seg frå eit første generasjon breibandnett til eit behov for vidare satsingar med større kapasitet. Regionane og fylka har prosessar med brukarar og utbyggerar der dei utviklar vidare satsingar. I utgangpunktet var samarbeidet utvikla for å sikre alle ei minimumsløysing, men etter første runde med utbygging kom nye behov fram. Regionane og fylka utvikla forståing for at samarbeida måtte fortsette for å møte dei nye behova.

I tillegg til den reine infrastrukturutbygginga tek samarbeida også opp andre bruksområde. Samarbeid om IT-tenester innanfor ulike bruksområde som skule, helse og andre kommunale tenester er nærliggande. I tillegg har samarbeidet vorte modell for liknande samarbeid på andre bruksområde. I Sogn og Fjordane har det breie samarbeidet Breibandforum/IT-forum vorte modell for Vindkraft-forum Sogn og Fjordane. For dei nye bruksområda er hovudelementa dei same. Samarbeidet må vise evne til å kople behov og tiltak i eigen region:

- Evne til å organiser lokale tiltak og motnettverk for kritiske behov
- Evne til å tilpasse store utviklingstrendar til egne behov
- Evne til å tilpasse lokale satsingar til endringar i teknologi
- Evne til å justere og tilpasse lokale utviklingsprosessar til endringar i rådevilkår

6.4 Hovedelement i modell for regional kapasitetsbygging

Kartlegginga viser at regionar og fylke som har fått til effektive samarbeid om breibandutbygging, har ei arbeidsform som dekkar eit nødvendig sett av aktivitetar for å sikre mobilisering, kompetanse, nettverksamarbeid, gradvis utvikling av infrastruktur, samt at dei viser evne til å reflektere og lære av sine egne aktivitetar. Desse aktivitetane inngår i ein samla modell som kan seiast å beskrive referanseråme for regional kapasitetsutvikling som bør kunne vere ei tenleg for ei rekkje bruksområde:



Figur 2 Prosesskart for regional kapasitetsbygging

Erfaringane med lokal mobilisering og organisering ved breibandutbygging har gitt innspel til eit liste med viktige element som bør vere dekkja for å sikre effektiv lokal handtering av ei rekkje regionale utviklingsområde:

Kunnskapsressursar

- Evne til å identifisere og dokumentere behov
- Evne til å utvikle lokale og konkrete strategiar og handlingsplanar
- Evne til å utvikle prosjekt
- Evne til å gjennomføre prosjekt
- Evne til å gjennomføre innkjøpsprosessar

Relasjonsressursar

- Evne til å utvikle nettverk til supplerande kunnskapsmiljø
- Evne til å få lokalt samarbeid til å fungere (enten i kommunegruppa eller mellom fylkeskommune og kommunar)
- Evne til samhandling med leverandørar samtidig som innkjøpsregelverk blir respektert
- Evne til å knyte seg til nasjonale program og drive lobbying for nasjonale ressursar

Mobilisering

- Evne til å mobilisere lokale politikarar, næringsliv og innbyggjarar
- Evne til å vise kopling mellom behov og gevinstrealisering
- Evne til å formidle behov og resultat til nasjonal politikktutforming

Kultivering av infrastruktur

- Evne til effektiv utnytting av små resursar og fleksibilitet i gjennomføring av store prosjekt

- Evne til å kople ulike teknologiar og bygge samanhengande løysingar over tid

Refleksjon for vidareutvikling og for å møte nye utfordringar

- Evne til å organiserer lokale tiltak og motnettverk for kritiske behov
- Evne til å tilpasse store utviklingstrender til eigne behov
- Evne til å tilpasse lokale satsingar til endringar i teknologi
- Evne til å justere og tilpasse lokale utviklingsprosessar til endringar i rådevilkår

Referanseliste

- Beck, U., Giddens, A., & Lash, S. (1994). *Reflexive Modernisation. Politics, Tradition and Aesthetics in the Modern Social Order*: Polity Press.
- Cooke P. (2001): Regional innovation systems, clusters and the knowledge economy. *Industrial and Corporate Change* 10, 945 – 974
- Dahlbom, B., & Janlert, L. E. (1996). *Computer Future*. Unpublished manuscript, As referenced in Hanseth 2002.
- Hanseth, O. (2002). From systems and tools to networks and infrastructures - from design to cultivation. Towards a theory of ICT solutions and its design methodology implications. Available: http://www.if.uio.no/~oleha/Publications/ib_ISR_3rd_resubm2.html [27.11.2002].
- Healey, P., Magalhaes, C. d., & Madanipour, A. (1999). Institutional capacity-building, Urban Planning and urban regeneration projects. *FUTURA (Journal of the Finnish Society for Futures Studies)*(3), 117-137.
- Howells, J. (1999) Regional systems of innovation? In: Archibugi, D., Howells, J. og Mitchie, J. (red): *Innovation policy in a global economy*. Cambridge University Press, Cambridge (s.67-93).
- HØYKOM (2006), Programstyrets visjon for HØYKOM
[http://www.hoykom.no/hoykom/hoykomweb.nsf/4a87ff3bf2c03cc38525646f0072ffa9/45bae5b83d9b287cc125707000463704/\\$FILE/Styrets%20visjon.pdf](http://www.hoykom.no/hoykom/hoykomweb.nsf/4a87ff3bf2c03cc38525646f0072ffa9/45bae5b83d9b287cc125707000463704/$FILE/Styrets%20visjon.pdf) (accessed 1.12.2009)
- HØYKOM (2009), HØYKOM programmet sine vevsider prosjektoversikt
http://www.hoykom.no/hoykom/hoykom_prosjekter_ny.nsf/ViewFrameAlle?OpenFrame eset (accessed 1.12.2009)
- KRD (2007) Tilskuddsbrev til fylkene frå Kommunal- og regionaldepartementet datert 28.juni 2007. Statsbudsjettet 2007 – Kap. 551 post 61 Næringsrettede midler til regional utvikling – Bruken av midlene til bredbåndsutvikling i distriktene - Tilskuddsbrev
- KRD (2008) Tilskuddsbrev til fylkene frå Kommunal- og regionaldepartementet datert 14.mars 2008 Statsbudsjettet 2008 - Kap. 551, post 61 Næringsrettede midler til regional utvikling, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift - tilskuddsbrev
- KRD (2009) Tilskuddsbrev til fylkene frå Kommunal- og regionaldepartementet datert 26.mars 2009 Statsbudsjettet 2009 - Kap. 551, post 61 Næringsrettede midler til
- Lanestedt, G., & Bygstad, B. (2009). *IKT-basert innovasjon i offentlig sektor. En Håndbok basert på erfaringer fra HØYKOM-programmet 1999-2008*: Tapir akademisk forlag.regional utvikling, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift - tilskuddsbrev
- Lash, S. (2003). Reflexivity as Non-Linearity. *Theory, Culture & Society*, 20(2), 49-57.

Lundvall, B-Å. (1992): National systems of Innovations – Towards A Theory of innovation and Interactive Learning. Pinter Publishers. London

Tödting F, og Trippi M. (2005) One size fits all? Towards a differentiated regional innovation policy approach. *Research Policy* 34, 1203-1219.

Skogseid, I. (2007). Information Infrastructure and Rural Innovation Systems. A study of the dynamics of local adaptation of ICT. Doctoral thesis, University of Oslo, Norway, Oslo.

Szerszynski, B., Lash, S., & Wynne, B. (1996). Introduction: Ecology, Realism and the Social Science. In S. Lash & B. Szerszynski & B. Wynne (Eds.), *Risk, Environment & Modernity. Toward a New Ecology* (pp. 1-26). London: SAGE Publications.

Vedlegg

A. Informantar

Fylke	Informant
Aust-Agder	Arild Eielsen, Aust-Agder Fylkeskommune
Buskerud	Kay-Hakon Bjerke, Buskerud Fylkeskommune
Finnmark	Ragnhild Evjen Angell, Finnmark Fylkeskommune Tom Mikalsen, Finnmark Fylkeskommune
Hedmark	Hanne Varhaug Søberg, Hedmark Fylkeskommune
Hordaland	Jan-Per Styve, Hordaland fylkeskommune Hilde Indresøvdde, Hordaland fylkeskommune Lars Tveit, Hordaland fylkeskommune Jostein Skråmestø, Regionrådet Nordhordaland IKS
Møre og Romsdal	Nils Erik Pettersen, Tensa (Prosjektleder for utbygginga)
Nordland	
Nord-Trøndelag	Roger Rein, Nord-Trøndelag Fylkeskommune
Oppland	Dag Arne Henriksen, Regionavdelingen, Oppland fylkeskommune Erling Aronsveen, Markedssjef, Eidsiva breiband, Lillehammer Egil Barhaugen, prosjektleder, RegionData, Regionrådet Nord-Gudbrandsdalen, Otta
Rogaland	Norvald Skretting, Rogaland Fylkeskommune
Sogn og Fjordane	Jarle Tvinnereim, IT-leiar Nordfjordrådet og styremedlem Breibandforum Sogn og Fjordane
Sør-Trøndelag	Milian Myraunet, Sør-Trøndelag fylkeskommune Pål Magnar Dahlø, Sør-Trøndelag fylkeskommune Jon Indset, Infonett Røros
Telemark	Torgeir Selle, Telemark fylkeskommune Børge Skårdal, Vest-Telemark regionråd
Troms	Dag Kjetil Hansen, Bredbåndsfylket Troms
Vest-Agder	Tine Sundtoft, Vest-Agder Fylkeskommune
Østfold	Hans Erik Fosby, Østfold Frode Ramstad Johnsen, Østfoldforskning

B. Svar på spørjeskjema

Korleis vart det arbeid med mobilisering av lokale krefter knytt til breibandssatsinga ?

Fylke	
Aust-Agder	Gjennom organisering, der alle kommuner deltok på strategisk nivå (rådmann) I tillegg til informasjonsopplegg og politiske møter
Buskerud	Lokale krefter har vært helt avgjørende for gjennomføringen i de forskjellige områdene
Finnmark	Initiativ fra FFK gjennom påvirkning av sentrale myndigheter for utbygging i et fylke der markedet ikke ville ta tilstrekkelig ansvar.
Hedmark	Arbeidet er/ble organisert gjennom regionråd (4 stk).
Hordaland	Dette arbeidet vart kanalisert og utført av regionråda i fylket.
Møre og Romsdal	Det ble avholdt møter med kommunene og bredbåndsselskaper. I tillegg ble det sendt ut pressemeldinger fra Møre og Romsdal fylke om tildeling av midler. Kommunene ble oppfordret til å bruke egne nettsider. Enkelte kommuner hadde egne mobiliseringsmøter der grendalag, bedrifter etc. ble inviterte.
Nord-Trøndelag	
Oppland	Prosess ut mot kommunene, de har igjen kjørt prosess ut mot lokale krefter
Rogaland	Brev til kommunene. Representanter fra regionrådene(4) i styringsgruppa. tydingsgruppa var aktive i forhold til kommunene
Sogn og Fjordane	IT-forum ei tverrsektorielt nettverk med medlemmer frå næringsliv, offentlig og FOU tok det første initiativet. Dei starta det koordinerte Breibandsarbeidet ei eiga undergruppe Breibandforum (BBF) vart etablert i 2001. BBF er eit ope nettverk med eit arbeidsutval. BBF AU har representantar frå regionråda 3stk, FoU, næringsliv og fylkeskommune. Alle som har delteke har bidrege og hatt myndigheit til å forplikt regionane, og regionrepresentantane har hatt tett dialog tilbake til rådmennsgrupper og kommunar.
Sør-Trøndelag	Det jobbes spesielt mot kommuner. Også mye kontakt med lokale leverandører og næringsliv. En del kontakt direkte med husstander også.
Troms	Et politisk vedtak som Næringsetaten var ansvarlig for
Telemark	Allerede et engasjement i 12 kommuner. Fylkeskommunen ble bedt om å være koordinerende med prosjektledelse, og med ansvar for søknad og rapportering
Vest-Agder	DDA (Det digitale Agder) Inngår i felles regionplan for Agder
Østfold	Vi har etablert noe som vi kaller Østfoldrådet, dvs et samarbeidsforum mellom fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunene, østfoldbenken og næringslivets organisasjoner. Østfoldrådet nedsatte en bredbåndsguppe som har fungert som en styringsgruppe for bredbåndssatsinga i Østfold. I gjennomføringen av prosjektene har vi utpekt regionale kontakter til regionene i Østfold Mosseregionen, Nedre Glommaregionen, halden regionen og Indre Østfold). Dette har fungert veldig godt. Vi har ikke hatt noen som helst samarbeidsproblemer med kommunene i Østfold og forankringen av prosjektene.

Korleis har satsinga på breibandsinfrastruktur blitt organisert?

Fylke	
Aust-Agder	Fylkeskommunene i Agder har vært prosjekteiere. Fem regioner har hatt hver sin rep i styringsgruppe + en fra hver fylkeskommune. Innleid prosjektleder og arebidsgruppe med brei kompetansesammensetting
Buskerud	Oppdelt i 5 arbeidspakker fordelt på hovedsakelig distrikts-Buskerud
Finnmark	Etablert eget prosjekt i administrasjonen som senere ble omdannet til eget aksjeselskap Bredbånd Finnmark AS. Selskapet er senere solgt til annet bredbåndsselsap.
Hedmark	Hedmark fylkeskommune skrev søknadene til HØYKOM for alle fire regionene. Det har vært fire selvstendige prosjekter som har blitt samordnet av fylkeskommunen. I hvert prosjekt har det vært en prosjektleder og regionrådgiverne har vært prosjektansvarlige. På fylkesnivå har prosjektledere fungert som styringsgruppe og hatt oppfølgingsmøte med utbygger
Hordaland	Fylkeskommunen har vore prosejkteigar og prosjektleiar med økonomisk ansvar. Tilsegna har gått til regionråda som har hatt dialogen med kommunane. Kommunane har sjølv hatt dialog med utbygger
Møre og Romsdal	- Prosjektansvar: fylket - Innleid prosjektleder - referansegruppe med repr. fra kommunene - kommunene har søkt om midler fra prosjektet/fylket og godkjente prosjekt har fått tilsagnsbrev - de fleste kommuner har lyst ut tilskudd i doffin, og kjørt konkurranse. Noen kommuner har benyttet rammeavtaler med utbyggingselskaper. - prosjektet har bistått kommunene faglig, innkjøpsteknisk, planlegging etc. - ved avsluttet prosjekt har kommunene utarbeidet revisorgodkjent sluttrapport og sendt til fylke for godkjenning og utbetaling
Nord-Trøndelag	
Oppland	Det har blitt kjørt prosess ut mot kommunene, som igjen har tatt dette regionalt.
Rogaland	Prosjektet er ledet av en egen styringsgruppe på 5 personer. Leder: fylkeskommunen. Medlemmer: En representant fra hver av de 4 regionene.
Sogn og Fjordane	Eit eige nettverk med som har arbeidd ut mot kommunar, næringsliv, leverandørar mm for å få fram etterspørsel og behov. Fylkeskommunen har handtert midlar som kjem frå HØYKOM og 551, Kommunane utformar eigne søknader inn til denne fellespotten.
Sør-Trøndelag	Egen prosjektleder/rådgiver som tilhører Enhet for regional utvikling. Tilhører et team som jobber med ekstern IKT-utvikling i fylket.
Telemark	Fylkeskommune PL, Stort sett regionale representanter fra respektive kommuneregioner, men noen enkeltkommuner i styringsgruppa. Lokalt arbeid organisert i den enkelte kommune / region.
Troms	Det ble danna et selskap med fylkeskommunen og alle kommunene i fylket som eiere
Vest-Agder	DDA (Det digitale Agder) Inngår i felles regionplan for Agder. Se: www.digitaledistriktsagder.no
Østfold	Prosjektansvarlig: Østfold fylkeskommune Styringsgruppe: Nedsatt av Østfoldrådet Prosjektleder: Engasjert konsulent Prosjeiere: Østfold fylkeskommune og kommunene i Østfold.

Er arbeidet med breibandssatsing forankra i eit nettverk der offentlig sektor, privat næringsliv og fou arbeider saman? Kva kompetanse har dei ulike deltakarane bidrege med i arbeidet?

Fylke	
Aust-Agder	Næringslivet har vært lite involvert. Kompetanse fra universitetet og Pt har vært benyttet
Buskerud	Hovedsakelig offentlig sektor og privat næringsliv. Offentlig sektor har vært prosjektledere - privat sektor dels utført arbeidet pluss bidratt med finansiering
Finnmark	Ja, for utdypende informasjon kontakt IT-sjef i Finnmark fylkeskommune.
Hedmark	Bredbåndssatsinga i Hedmark er ikke knyttet opp i mot den type nettverk
Hordaland	Nei
Møre og Romsdal	Nei
Nord-Trøndelag	
Oppland	Ingen nettverk. Forankringen har vært hos kommunene.
Rogaland	Prosjektet er lokalt kun forankret i fylkeskommunen og kommunene.
Sogn og Fjordane	Ja, BBF har representantar frå alle gruppene i Arbeidsutval. Gruppen har vore godt samansett, vi har hatt teknisk kompetanse, prosjektkompetanse, kommunalkompetanse og brukskompetanse i gruppa.
Sør-Trøndelag	Ja. Innen offentlig sektor så finnes det bred kompetanse innen mobil og bredbånd. Spesielt operativ kompetanse ift dekning. Også høy grad av geografisk kjennskap. Privat næringsliv brukes til kvalitetssikring og leveranser av tjenester innen fagområdet. FOU-miljøet bidrar i mindre grad.
Telemark	Kun nettverket mellom kommunene / regionene og fylkeskommunen. Privat næringsliv og e-verk kun inne som utbyggere
Troms	
Vest-Agder	Alle kommuner i Agder har vært involvert i prosjektet. Prosjekteiere har vært fylkeskommunene
Østfold	ja, vi har hatt assistanse fra Østfoldforskning for skriving av prosjektsøknad og rapportering til HØYKOM/NFR. Østfoldforskning har deltatt på styremøtene. Prosjektlederne for leverandør og utbyggerne har deltatt på styremøtene. Vi har hatt en tett dialog med leverandør og underleverandører og utbyggere ved gjennomføringen av prosjektet.

Er dette nettverket sett saman spesifikt for breibandssatsingen eller del av eit langsiktig arbeid med IKT og utvikling i regionen?

Fylke	
Aust-Agder	Begge deler
Buskerud	Nettverket har vært endel av bredbåndssatsingen
Finnmark	- se over -
Hedmark	Jfr spørsmål ovenfor
Hordaland	
Møre og Romsdal	
Nord-Trøndelag	
Oppland	Nei
Rogaland	Nei
Sogn og Fjordane	Ja, BBF nettverket tillet alle som medlemmer. det vart oppretta i 2001 som ei undergruppe av IT-forum. IT-forum har fokus på det langsiktige arbeidet med IKT og opprettar undergrupper som td Breibandforum når oppgåver er preserande.
Sør-Trøndelag	Ref to svar opp. Vi har et IKT-program som jobber med IKT-utvikling. Så dette gjelder både ift bredbåndssatsinga og IKT-utvikling i regionen generelt.
Telemark	Startet som bredbåndnettverk, men en av effektene av dette arbeidet er at det er videreført og for andre relevante områder.
Troms	I tillegg til transportveier så arbeides det med tjenester, eks. ip-telefoni, digitale senter
Vest-Agder	En del av felles regionplan for Agder
Østfold	Nettverket ble i utgangspunktet satt sammen etter et initiativ fra Østfoldrådet for å vurdere fibersamarbeid mellom offentlige virksomheter i Østfold. Da regjeringens satsing på bredbånd kom gjennom Soria Moria of HØYKOM, benyttet vi dette nettverket til å søke og gjennomføre bredbåndsprosjektene i Østfold.

Varige resultat og vidareføring

Har nettverket halde fram etter at satsinga er avslutta? Er det eit fylkesovergripande nettverk eller består det av fleire regionale nettverk?

Fylke	
Aust-Agder	Nettverket holder fram med oppfølging og nye prosjekt. Det er fylkesovergripende
Buskerud	Flere regionale nettverk, som er avsluttet etter satsingen.
Finnmark	
Hedmark	
Hordaland	
Møre og Romsdal	
Nord-Trøndelag	
Oppland	Nei
Rogaland	Nei
Sogn og Fjordane	Satsina er ikkje avslutta. BBF er framleis aktivt. I starten var "breiband til alle" fokus. No er det fiber problemstillingar som er viktige. BBF er fylkesovergripande
Sør-Trøndelag	Flere regionale nettverk relatert til innsatsområdene: Infrastruktur, kommunal samhandling/digital forvaltning, innovasjon og næringsutvikling, kultur- og ABM-sektor og til slutt infrastruktur (mobil og bredbånd).
Telemark	nettverket har nå 23 kommuner, 18 Telemarkskommuner + Kongsbergregionen
Troms	
Vest-Agder	Prosjektet (nettverker) jobber nå med mobildekning
Østfold	Nettverket eksisterer fortsatt. Det er ikke tatt stilling til om det skal opphøre ennå. Det er et fylkesovergripende nettverk.

Kven er hovudaktøren for å oppretthalde nettverket?

Fylke	
Aust-Agder	Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør
Buskerud	
Finnmark	
Hedmark	
Hordaland	
Møre og Romsdal	
Nord-Trøndelag	
Oppland	
Rogaland	Det er fylkeskommunen som har vær pådriver i bredbåndutbygging i Rogaland.
Sogn og Fjordane	Vanskeleg å peke på hovedaktør, samspelet i Breibandforum er det som driv arbeidet vidare.
Sør-Trøndelag	Fylkeskommunen.
Telemark	Fylkeskommunen
Troms	
Vest-Agder	Fylkeskommunene og kommune og fylkestingspolitikere
Østfold	Østfoldrådet.

Dersom de framleis arbeider med vidareføring av breibandsatsinga, kva hovudaktivitetar vert prioritert?

Fylke	Bruk/Bruksområde (Kommunale tenester, helse og omsorg, forretningsmessige tenester, etc.)	Høgare kapasitet	Anna
Aust-Agder	Nei	Nei	Mobildekning og nye avtaler
Buskerud	Nei	Nei	Mobildekning
Finnmark	Nei	Ja	
Hedmark	Nei	Ja	
Hordaland	Ja	Ja	
Møre og Romsdal	Ja	Ja	
Nord-Trøndelag	-	-	
Oppland	Nei	Ja	
Rogaland	Nei	Ja	
Sogn og Fjordane	Ja	Ja	
Sør-Trøndelag	Ja	Ja	Mindre hvite flekker igjen.
Telemark	Ja	Ja	
Troms	-	-	
Vest-Agder	Nei	Nei	Fullføre leveransene
Østfold	Nei	Nei	Fiberutbygging/-samarbeid

Kva bruk/bruksområde blir prioritert i vidareføringa?

Fylke	Kommunale tenester	Helse og omsorg	Forretningsmessige tenester	Anna
Aust-Agder	Nei	Nei	Nei	
Buskerud	Nei	Nei	Nei	
Finnmark	Nei	Nei	Nei	
Hedmark	Nei	Nei	Nei	
Hordaland	Nei	Nei	Nei	
Møre og Romsdal	Ja	Nei	Ja	
Nord-Trøndelag	-	-	-	
Oppland	Nei	Nei	Nei	
Rogaland	Nei	Nei	Nei	
Sogn og Fjordane	Ja	Ja	Ja	
Sør-Trøndelag	Ja	Ja	Nei	Husstander
Telemark	Ja	Ja	Nei	
Troms	-	-	-	
Vest-Agder	Nei	Nei	Nei	
Østfold	Nei	Nei	Nei	

C. Spørjeskjema

Kartlegging av arbeidet med breibandsinfrastruktur i fylke og regionar i Norge

På oppdrag frå Distriktsenteret som er eit kompetansesenter for distriktsutvikling under Kommunal- og regionaldepartementet har Vestlandsforskning fått i oppdrag å kartlegge og analysere eksempel på regional mobilisering og organisering av arbeidet med utvikling av breibandsinfrastruktur i distrikts-Norge. Som ein del av dette arbeidet er vi interessert i korleis ulike fylke har organisert arbeidet med breibandutvikling.

Alle som deltek vil få tilsendt resultat av arbeidet. Vi håper du vil ta deg tid til å svare innan 8. januar 2010.

Noen av dei som deltar vil bli kontakta direkte for oppfølgjande informasjon.

There are 12 questions in this survey

Bakgrunnsinformasjon

1 Fylke: *

Skriv svaret ditt her:

Svar her

2 Kva er din rolle i arbeidet med breibandutvikling i ditt fylke? *

Marker det som stemmer med utheving

- Prosjektleder
- Prosjektleder
- Anna _____

Mobilisering og organisering

3 Korleis vart det arbeid med mobilisering av lokale krefter i breibandssatsinga?

Skriv svaret ditt her:

4 Korleis har satsinga på breibandsinfrastruktur vore organisert?

Skriv svaret ditt her:

5 Er arbeidet med breibandssatsing forankra i eit nettverk der offentleg sektor, privat næringsliv og fou arbeider saman? Kva kompetanse har dei ulike deltakarane bidrege med i arbeidet?

Skriv svaret ditt her:

6 Er dette nettverket sett saman spesifikt for breibandssatsinga eller del av eit langsiktig arbeid med IKT og utvikling i regionen?

Skriv svaret ditt her:

Varige resultat og vidareføring

7 Har nettverket halde fram etter at satsinga er avslutta? Er det eit fylkesovergripande nettverk eller består det av fleire regionale nettverk?

Skriv svaret ditt her:

8 Kven er hovudaktøren for å oppretthalde nettverket?

Skriv svaret ditt her:

9 Dersom de framleis arbeider med vidareføring av breibandsatsinga kva hovudaktivitetar vert prioritert?

Uthev **alle** som passar:

- Bruk/Bruksområde (Kommunale tenester, helse og omsorg, forretningsmessige tenester, etc.)
- Høgare kapasitet
- Anna:

10 Dersom de har fokus på bruk/bruksområde. Kva bruk/bruksområde blir prioritert?

Vel **alle** som passar:

- Kommunale tenester
- Helse og omsorg
- Forretningsmessige tenester
- Anna:

11 Med din kjennskap til breibandsutvikling kva er den mest vellukka satsinga/prosjektet for breibandutvikling i ditt fylke, og har de henta inspirasjon eller lært av andre regionar?

Ditt fylke/region Andre fylke/regionar i Norge

Med tanke på mobilisering og organisering:

Med tanke på kommunikasjonskapasitet:

Med tanke på bruksområde:

12 Er det noen andre me bør snakka med om interessante satsingar i dykkar fylke?

Skriv svaret ditt her:

Send inn undersøkinga.

Takk for at du gjennomførte undersøkinga.

D. Intervjuguide

Blå tekst er spørsmål frå spørjeskjema, underpunkt i svart skrift er utjupingsspørsmål til intervjuet. Har svar på spørjeskjema tilgjengeleg under intervjuet

1. Fylke: _____
2. Namn på informant: _____
3. Epost: _____
4. Kva er din rolle i arbeidet med breibandutvikling i ditt fylke
 - Prosjektleiar
 - Prosjekteigar
 - Anna: _____

II. Mobilisering og organisering

5. Korleis vart/vert det arbeidd med **MOBILISERING** av lokale krefter knytt til breibandssatsinga ?

KORLEIS HAR DEI FÅTT FORANKRING OG OPPSLUTTNING RUNDT SATSINGA

- Korleis starta arbeidet, kven tok initiativ
- Både fylkesnivå og lokalnivå/ Kommunar og Næringsliv / Kraftbransjen
- Top down / Bottom Up?

- Korleis fungerte det , effektivt, bra mindre bra
- Kva undervegsjusteringar vart gjort

- Har regionen mobilisert fleire gonger
- Har mobiliseringsarbeidet blitt forbetre, arbeider de likt med mobilisering i dag som da de starta
- Er det lettare eller vanskelegare å få med personar

- Korleis har forankring i organisasjonane fungert? Er det dei rette personane som deltek? Personar som kan forplikte organisasjonane. Kombinasjonen av AVGJERSMYNDE, INTERESSE, KUNNSKAP

6. Korleis har satsinga på breibandsinfrastruktur blitt organisert?

DRIFT AV ARBEIDET

- Nettverk / AS / uformell gruppe
- Organisering under
 - Prosjektutvikling
 - Gjennomføring
 - Drift
- Korleis er det blitt arbeidd med

- Politikkbiten
- Strategidelen
- Har de arbeidd aktivt med lobbying med nasjonale myndigheiter
- Har offentlege innkjøpsreglar påverka måten breibandutbygginga har skjedd på?

III: Prosjektutvikling og drift

7. Er arbeidet med breibandssatsing forankra i eit nettverk der offentleg sektor, privat næringsliv og FoU arbeider saman? Kva kompetanse har dei ulike deltakarane bidrege med i arbeidet?

- Kva kompetanse er med i partnerskapen og kva aktørar har bidrege
- Kva kompetanse har vore utløyysande
- Beskrive nettverket
- Vurder samarbeidet rundt breiband. Kva er gode og kva er problematiske områder
- Har de noen eksempel på korleis dette er gjort - Effektive eksempel

- Korleis valde de første område for implementering?

8. Er dette nettverket sett saman spesifikt for breibandssatsinga eller del av eit langsiktig arbeid med IKT og utvikling i regionen?

- Framover.... Kva skjer no, kva strategiar og planar arbeider de etter?

IV Varige resultat og vidareføring

9. Har nettverket halde fram etter at satsinga er avslutta? Er det eit fylkesovergripande nettverk eller består det av fleire regionale nettverk?

- Er nettverket framleis i drift?
- Kvifor denne organiseringa valt for det vidare arbeidet
- Korleis blir det ført vidare - er det kommersielt drivverdig
- Er det kopling mellom dei som arbeider med infrastrukturutbygging og dei som arbeider med bruksområde.

(gruppa som bygger ut infrastruktur kjenner kor det er behov og legg opp til å støtte opp om desse satsingane for å få umiddelbar nytte)

- Var val av første område for implementering rett førte det til dei effektane de ønskte, har de fått gevinstar av det?
- Kva er gevinsten? Kan de peike på gevinsten...

10. Kven er hovudaktøren for å **oppretthalde** nettverket?

- Har organisasjonsforma vore effektiv?

- På kva måte....
 - Viste ein det frå før eller
 - Betre enn før

11. Dersom de framleis arbeider med vidareføring av breibandsatsinga kva hovudaktivitetar vert prioritert

- Bruk / bruksområde
 - Kommunale tenester
 - Helse og omsorg
 - Forretningsmessige tenester
 - Andre _____
- Høgare kapasitet
- Andre _____

- Kva har vore effektivt for å få til vidare satsing og vise nytten av breiband innan ulike områder
- Spesiell bruk som har vore utløysande, for vidare satsing, for å mobilisere i andre runde? kommunale tenester.... Helse omsorg,
- Korleis har de fått involvert/ mobilisert næringslivet i satsinga
- Kva har vore utløysande faktor for å få involvere næringslivet...

12. Med din kjennskap til breibandsutvikling kva er den mest vellukka satsinga/prosjektet for breibandutvikling i ditt fylket, og har de henta inspirasjon eller lært av andre regionar

	<i>Fylke/region</i>	<i>Andre fylke/regionar i Norge</i>
<i>Med tanke på mobilisering og organisering:</i>		
<i>Med tanke på kommunikasjonskapasitet</i>		
<i>Med tanke på bruksområde</i>		

- Andre de vil nemna som de har fått inspirasjon fra

14. Noen andre me bør snakka med om interessante satsingar i dykkar fylke